HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteprotokoll

**Utval:** **Fylkestinget**
**Møtestad:** Hotel Grand Terminus, Bergen
**Dato:** 08.03.2016 kl. 11.00-16.35
09.03.2016 kl. 13.15-17.45

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Anne Gine Hestetun | Fylkesordførar | A |
| Sveinung Valle | Medlem | A |
| Siri Klokkerstuen | Medlem | A |
| Rasmus Laupsa Rasmussen | Medlem | A |
| Kari Sørensen Bernardini | Medlem | A |
| Atle Kvåle | Medlem | A |
| Emil Lennart Pålikoff Gadolin | Medlem | A |
| Kine Bratli Dale | Medlem | A |
| Helge Nævdal | Medlem | A |
| Synnøve Solbakken | Medlem | A |
| Espen Berntsen | Medlem | A Møtte 9. mars |
| Linda Haugland Jondahl | Medlem | A |
| Roald Kvamme | Medlem | A |
| Katrin Innvær Ankervold | Medlem | A |
| Per Lerøy | Medlem | A |
| Kjell Gitton Håland | Medlem | A |
| Gunn Berit Lunde Aarvik | Medlem | A |
| Kjetil Hestad | Medlem | A |
| Terje Søviknes | Medlem | Frp |
| Silje Hjemdal | Medlem | Frp |
| Sigbjørn Framnes | Medlem | Frp |
| Gustav Bahus | Medlem | Frp |
| Gunnar Bakke | Medlem | Frp |
| Renate Møgster Klepsvik | Medlem | Frp |
| Mona Louise Røsvik Strømme | Medlem | H |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Nils Marton Aadland | Medlem | H |
| Inge Reidar Kallevåg | Medlem | H |
| Stein Inge Ryssdal | Medlem | H |
| Ragnhild Hus Fagerbakke | Medlem | H |
| Olav Kvinge | Medlem | H |
| Iril Kirstine Schau Johansen | Medlem | H Møtte 8. mars |
| Dan Stian Femoen | Medlem | H |
| May Eva Sandvik | Medlem | H |
| Astrid Aarhus Byrknes | Medlem | KrF |
| Pål Kårbø | Fylkesvaraordførar | KrF |
| Beate Husa | Medlem | KrF |
| Tor André Ljosland | Medlem | KrF |
| Tom Sverre Tomren | Medlem | MDG |
| Natalie Antonia Golis | Medlem | MDG |
| Terje Kollbotn | Medlem | Rødt |
| Nils T Bjørke | Medlem | Sp |
| Benthe Enes Bondhus | Medlem | Sp |
| Jon Askeland | Medlem | Sp |
| Sara Hamre Sekkingstad | Medlem | Sp |
| Aud Karin Oen | Medlem | SV Forfall 08.03. kl. 11.00-13.30 |
| Marthe Hammer | Medlem | SV |

| | | |
|---|---|---|
| Daniel Charles Hextall | Medlem | SV |
| Anne Beth Njærheim | Medlem | V |
| Geir Kjell Andersland | Medlem | V |
| Geir Angeltveit | Medlem | V |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall til heile tinget:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Tom-Christer Nilsen | Medlem | H |
| Svein Kolbein Halleraker | Medlem | H |
| Mari Klokkerstuen Kjellesvik | Medlem | A |
| Åse Gunn Husebø | Medlem | A |
| Roald Stenseide | Medlem | Frp |
| Øyvind Strømmen | Medlem | MDG |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall 8. mars:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Espen Berntsen | Medlem | A |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall 9. mars:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Iril Kirstine Schau Johansen | Medlem | H |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer | |
|---|---|---|---|
| John Helge Gullaksen | Tom-Christer Nilsen | H | |
| Gunnar Moland | Svein Kolbein Halleraker | H | |
| Kari Foseid Aakre | Mari Klokkerstuen Kjellesvik | A | |
| Torbjørn Reigstad | Åse Gunn Husebø | A | |
| Anita Garlid Johannessen | Roald Stenseide | Frp | |
| Nils-Anders Nøttseter | Øyvind Strømmen | MDG | |
| Øyvind Hardeland | Espen Berntsen | A | Møtte 8. mars |
| Neshe Lie | Iril Kirstine Schau Johansen | H | Møtte 9. mars |
| Einar Horvei | Aud Karin Oen | SV | 8. mars kl. 11.00-13.30 |

**Frå administrasjonen møtte:**

| **Namn** | **Stilling** |
|---|---|
| Rune Haugsdal | Fylkesrådmann |
| Ingrid Holm Svendsen | Fylkesdirektør økonomi og organisasjon |
| Linda Farestveit | Seksjonsleiar skule, opplæringgsavdelinga |
| Håkon Rasmussen | Fylkesdirektør samferdsel |
| Per Morten Ekerhovd | Kst. fylkesdirektør kultur og idrett |
| Bård Sandal | Fylkesdirektør regional utvikling |
| Arne Åsan | Fylkestannlege |
| Janne Værnø | Kommunikasjonsdirektør |
| Gro Stien Thorvaldsen | Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet |

Anne Gine Hestetun

Natalie Golis

Nils T. Bjørke

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

**Sakliste**

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 1/16 | Godkjenning av møteinnkalling | | |
| PS 2/16 | Referatsaker (meldingar) | | |
| RS 1/16 | Møteprotokollen frå møte 8. og 9. desember 2015 | 2014/11715 | |
| RS 2/16 | Politisk rådgjevar for fylkesordføraren - intern kommunikasjon. Forholdet til offentleglova | 2015/10429 | |
| RS 3/16 | Svar på spørsmål om forvaltninga av friskular | 2016/1907 | |
| RS 4/16 | Kollektivtrafikk og bussruter - spørsmål til Fylkesordføraren | 2015/9919 | |
| PS 3/16 | Interpellasjonar/spørsmål | | |
| PS 4/16 | Forvaltningsrevisjon av NDLA - Revisjonsrapport | 2015/2073 | |
| PS 5/16 | Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnerbustad i Spania | 2015/5589 | |
| PS 6/16 | Tannhelsetenesta - Klinikkstrukturplan 2015 - 2030 | 2014/19439 | |
| PS 7/16 | Finansforvaltninga i 2015 | 2014/927 | |
| PS 8/16 | Fylkeskommunal garanti for Nordhordlandspakken | 2014/166 | |
| PS 9/16 | Bybanen byggetrinn 4 - forskottering av kostnader til grunnerverv | 2015/3679 | |
| PS 10/16 | Vurdering av ordninga med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte | 2015/12714 | |
| PS 11/16 | Museumsplanmidlar 2016 | 2016/1173 | |
| PS 12/16 | Bussanlegg i Sunnhordland | 2014/15801 | |
| PS 13/16 | Stendafjellet - masseuttak og avfallsdeponi. Godkjenning av tilleggsavtale. | 2014/11856 | |
| PS 14/16 | Det regionale folkevalde nivå; status for regionreforma og vidare oppfølging | 2014/24775 | |
| PS 15/16 | Oversikt over folkehelsa i Hordaland 2015-2019 | 2015/976 | |
| PS 16/16 | Endringar i rammeavtalen | 2014/12426 | |
| PS 17/16 | Midlar til punktutbetring og trygg skuleveg 2016 | 2014/22536 | |
| PS 18/16 | Midlertidig tidsdifferensierte bompengetakstar - strakstiltak ved fare for høg luftforureining | 2016/1021 | |
| PS 19/16 | Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 | 2015/1090 | |
| PS 20/16 | Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016 - 2020. Tiltak 2016/17 | 2014/22562 | |
| PS 21/16 | Psykisk helse og tilsetjing av psykolog i dei vidaregåande skulane | 2016/1917 | |
| PS 22/16 | HOG energi - val av nytt styremedlem 2016 - 2019 | 2014/12933 | |
| PS 23/16 | Søknad om permisjon frå verv | 2015/8173 | |
| PS 24/16 | Ymse | | |

## PS 1/16 Godkjenning av møteinnkalling

**Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2016**

**Benthe Bondhus (Sp)** påpeikte at utsendinga av møtedokument synest uoversiktleg, mellom anna på grunn av mange ettersendingar og utsending via ulike kanalar.

**Vedtak**

Innkallinga vart godkjend med merknaden over.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## PS 2/16 Referatsaker (meldingar)

**Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2016**

I samband med RS 1/16 "Møteprotokollen frå møte 8. og 9. desember 2015" gjorde **Benthe Bondhus (Sp)** merksam på at det var feil i frammøteprotokollen for Sp og bad om at dette vert retta opp.

**Vedtak**

Med merknaden over vart referatsakene 1-4/16 tekne til orientering.

## PS 3/16 Interpellasjonar/spørsmål

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**INTERPELLASJONAR**

**Geir Kjell Andersland (V)** hadde sendt slik interpellasjon (1) til fylkesordføraren:

> "Mobbing har igjen fått stor oppmerksomhet i media, blant annet med en stor artikkelserie i Aftenposten og med krasse lederartikler i Bergens Tidende og andre aviser som går til felts mot dette store samfunnsproblemet.
>
> Det er selvsagt bra at mobbing får slik oppmerksomhet i det offentlige rom. Vi trenger ikke mer forsking for å kunne fastslå at mange barn og unge, som er ofre for mobbing, får sine liv ødelagt, mange med uopprettelige psykiske helseskader.
>
> Likevel er det et stort tankekors at mens antimobbeprogrammer har pågått i årevis, spores så lite bedring. De siste 10 årene har Norge brukt mer enn 200 millioner kroner for å stanse mobbingen, mens fortsatt mobbes over 30 000 barn i skole, herunder ganske sikkert skoler i Hordaland også. Barneombudet har uttalt at det brukes for mye penger på tiltak som rett og slett ikke virker.
>
> Uansett er det for mange skoleledere og lærere som viker unna uten å ta tak i mobbingen som foregår rett for øynene på dem.
>
> Både i den ferske Valdressaken og i Odinsaken fra 2014, som begge endte med to unge menneskers tragiske dødsfall, var det et fellestrekk at de berørte skoler hadde latt mobbingen pågå til tross for gjentatt henvendelser. I 2012 ble Kristiansand kommune idømt et betydelig erstatningsbeløp til et mobbeoffer grunnet mangelfull handling fra den aktuelle skolens side. Høyesterett fastslo at opplæringsloven gir skoleledelsen plikt til aktiv handling og til å ta affære når det skjer mobbing i skolemiljøet. Det hjelper ikke bare med holdningskampanjer i forebyggende øyemed, om enn viktig nok, voksne må også prøve å stoppe mobbingen som konkret foregår når dette oppdages; konfrontere situasjonen der og da.

I folkehelsemeldingen som fylkestinget har til behandling på dette tingsetet fremgår at det i Hordaland er "signifikant færre 10. klassinger som trives på skolen" sammenholdt med landet for øvrig.

Det er ikke særlig god reklame for Hordaland fylkeskommune. Hva skjuler det seg av mobbing bak denne mistrivselen og hvilket potensial er ikke dette for senere skolefrafall?

Spørsmål:

1. Har Hordaland fylkeskommune en god nok oversikt over omfanget av mobbing i Hordalandskolene?
2. Hvilke tiltak vil fylkeskommunen sette i verk for effektivt å bekjempe mobbingen?"

Fylkesordøraren svarte slik:

"I hovudsak har Hordaland fylkeskommune som skuleeigar god oversikt gjennom to system av kvantitative og kvalitative data:

**a) Elevundersøkelsen**

Denne omhandlar elevane sitt læringsmiljø, der spørsmål om trivsel er eitt av fleire spørsmål. Svarprosenten har vore på mellom 80 og 90 % dei siste åra, og elevane svarer på undersøkinga årleg. Trivsel er ein av fleire faktorar som påverkar elevane sin motivasjon for læring, og godt kunnskapsgrunnlag frå ungdomsskulen kan knytast til gjennomføring av vidaregåande opplæring. Trivsel gjennom grunnskulen er dermed viktig for korleis elevane meistrar vidaregåande opplæring.

Folkehelseinstituttet sine tal for trivsel på 10. trinn 2013-2015 viser lågare tal for Hordaland enn landssnittet. Dei same tala viser ein nedgang i mobbing frå 5,3 % til 2,4 %. Folkehelseinstituttet har henta materialet frå Elevundersøkinga. Trivsel er noko lågare også på vidaregåande trinn i Hordaland, og resultata viser også noko høgare spreiing enn dei fleste andre fylke.

**Skoleporten - Elevundersøkelsen 2013-2015**
Eining: Hordaland fylke

| Delskår | 2013-14 | 2014-15 |
|---|---|---|
| Hordaland fylke - Trives du på skolen? | 4,3 (0,8) | 4,2 (0,8) |
| Nasjonalt - Trives du på skolen? | 4,3 (0,7) | 4,3 (0,7) |

*Hordaland fylke, videregående skole, Elevundersøkelsen 2013-2015, trivsel, alle eierformer, Vg1, begge kjønn, alle utdanningsprogram.*

Ein regresjonsanalyse vart gjennomført i samband med vurdering av kunnskapsgrunnlaget for folkehelsa i Hordaland. Analysen peikar på at det er fleire årsaker til lågare trivsel i Hordalandsskulane. Låge leseferdigheiter, arbeidsløyse og uføretrygd i foreldregenerasjonen saman med mobbing kan ifølgje analysen forklare 34 % av variasjonen av trivsel mellom kommunane i landet. Styrking av desse forholda vil kunne føre til auka trivsel i Hordalandsskulen. Hordaland fylkeskommune samarbeider med kommunane om tiltak som gjeld elevane si læring og læringsmiljø på fleire område.

**b) Internkontroll**

Krav til internkontroll i opplæringsavdelinga inkluderer mellom anna rutinar som skulane og skuleeigar må følgje, og som er del av kvalitetssystemet QM+. Dette er grunna i det systematiske arbeidet med psykososialt skulemiljø – jf. opplæringslova § 9a-4, samt § 9a-3, første ledd.

> *"§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)*
> *Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet."*

Rutinane omfattar mellom anna at rektor skal sjå til at

- Regelverket vert følgt, jf. opplæringslova kap. 9A, og at arbeidet vert gjennomført aktivt, systematisk og planmessig for å nå mål og førebyggje problem.
- Skolen har konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet. Mål, tiltak og rutinar skal evaluerast årleg.
- Skulen har rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekke og handtere problem når dei dukkar opp.
- Skulen har skriftleg dokumentasjon på system for internkontroll og kontrollerer at rutinar vert etterlevd.
- Alle tilsette er omfatta av handlingsplikta etter kap. 9A.
- Retningslinjer for enkeltvedtak er reviderte i 2015/2016, og enkeltvedtak skal rapporterast til opplæringsavdelinga. Slik vil opplæringsavdelinga ha oversikt over tal på enkeltvedtak og innhaldet i desse og kan mellom anna følgje utviklinga over tid.

Verksemdbasert vurdering:

- System for oppfølging av det pedagogiske utviklingsarbeidet: Verksemdbasert vurdering. Gjennom skulebesøk på alle dei vidaregåande skulane og oppfølging av skulane sine tilstandsrapportar og utviklingsplanar har opplæringsavdelinga god oversikt over skulane sitt arbeid med læringsmiljøet. Relasjonar mellom elevar og mellom elevar og lærarar er sentralt, og det er viktig å understreke at det er det langsiktige arbeidet heller enn store enkelttiltak som har størst ønska effekt.

*2. Hvilke tiltak vil fylkeskommunen sette i verk for effektivt å bekjempe mobbingen*?

Opplæringsavdelinga har sett i verk fleire tiltak for å kome mobbing til livs:

**Risikobaserte tilsyn** etter retningslinjer gjort kjent i kvalitetssystemet. Det skal gjennomførast tilsyn ved eit utval skular kvart år. Døme på tema i besøka er

- skulen sin kjennskap til miljøet på skulen og på kva måtar skulen skaffar seg kunnskap
- korleis skulen brukar resultata
- korleis alle tilsette er gjort kjende med plikta til å undersøke, varsle og gripe inn ved mistanke eller kjennskap til krenkjande åtferd
- om foreldre og elevar er gjort kjende med retten til å få enkeltvedtak

Opplæringsavdelinga skal følgje opp ved behov.

**Utprøving av ordning med mobbeombod**: Hordaland fylkeskommune har tilsett mobbeombod i prosjektstilling. Mobbeombodet er tilsett for to skuleår frå august 2015, og funksjonen skal evaluerast mot slutten av perioden. Mobbeombodet er blitt godt kjent på skulane og i media, og har eit nettverk med andre mobbeombod, Nasjonalt læringsmiljøsenter i Stavanger og ei nyetablert referansegruppe. Mobbeombodet gir lågterskel-rådgjeving til elevar og driv systematisk førebyggjande arbeid i skulane.

**Læringsmiljøkonferanse ved skulestart**: Opplæringsavdelinga har i samarbeid med Elevorganisasjonen arrangert ein konferanse i september kvart år. Det er elevrådsstyre, elevinspektørar og rektorar som er deltakarar, og styrking av læringsmiljøet er i fokus på denne samlinga. Arbeidet mot mobbing var hovudtema i 2015, med representantar frå Djupedalutvalet som hovudforedragshaldarar. Teoretisk kunnskap, forskingsresultat frå Norge, Norden og Europa samt deling av praktisk erfaring og verktøy blei delt på konferansen, og følgd opp på skulane.

**Pilotprosjektet Helsefremjande skular** starta opp i 2015, og 5 skular prøver ut tiltak for betre fysisk og psykisk helse. Betre psykisk helse er eitt av tre hovudmål, saman med satsing på kosthald og fysisk aktivitet. Her har opplæringsavdelinga samarbeid med tunge kompetansemiljø, og ventar resultat som kan nyttast på alle dei vidaregåande skulane. Det førebyggjande arbeidet er det viktigaste i dette prosjektet.

**'Drømmeskolen'** er namnet på eit helsefremjande og skuleomfattande program for ungdoms- og vidaregåande skule, og er eit nytt tiltak i Hordaland som skal prøvast ut frå og med 2016 og

forskast på av Hemil-senteret, Nordlandsforskning og Oxford Research. Programmet skal fremje elevane si psykiske helse og medverke til eit inkluderande miljø der både elevar og tilsette kjenner at dei høyrer til. Å høyre til er eit grunnleggjande menneskeleg behov som, når det er anerkjent og opplevd, beskyttar mot mobbing – både å mobbe og bli mobba."

**Terje Kollbotn (R)** hadde sendt slik interpellasjon (2) til fylkesordføraren:

"**Nei til auka bruk av mellombels tilsetjingar i Hordaland fylkeskommune!**
Fleirtalet i Stortinget vedtok i fjor høve til auka bruk av mellombels tilsette gjennom ei lovendring i Arbeidsmiljølova paragraf 14-9. Dette vil få alvorlege konsekvensar for arbeidstakarar og heile arbeidslivet. Ei samla fagrørsle gjekk imot denne lovendringa. Arbeidstilsynet åtvara i si høyringsfråsegn mot dette forslaget av fleire grunnar.

Meir enn noen gong er det behov for seriøse arbeidsgjevarar i privat og offentleg sektor som tilbyr sine tilsette faste og verdige løns- og arbeidstilhøve. Auka bruk av mellombels tilsette vil føre til det motsette.

Raudt meiner at Hordaland fylkesting som øverste arbeidsgjevar i fylkeskommunen bør forsvare og praktisere den tidlegare formuleringa i Arbeidsmiljølova paragraf 14-9 og arbeide for færre – ikkje fleire - mellombels tilsette i fylkeskommunen.

Er fylkesordføraren samd i denne vurderinga?"

**Aud Karin Oen (SV)** hadde sendt slik interpellasjon (5) til fylkesordføraren:

**"Nei til auka bruk av mellombels tilsetjing**
Regjeringa og stortinget har vedteke store endringar i arbeidsmiljølova om mellombels tilsetjing (aml § 14-9), som får alvorlege konsekvensar for arbeidstakarar og heile arbeidslivet. Den grunnleggjande regelen om at mellombelse tilsetjingar ikkje skal skje i bedrifta si ordinære verksemd er fjerna. Dette er å angripe sjølve bunnplanken i eit organisert arbeidsliv som er grunnlaget for tryggleik, verdigheit og fridom for arbeidsfolk.

Mellombelse jobbar er utrygge jobbar, og fører med seg usikre kvardagar. Arbeidsmiljølova skal sikre balanse i jobbrelasjonar der maktforholdet i utgangspunktet er skeivt. Som mellombels tilsett blir det vanskeleg å planlegge for framtida, sidan arbeidsgjevar avgjer lengda på jobbavtalen. Du får ikkje lån i banken til bustadkjøp utan fast inntekt. Mange kvinner har uttalt at dei ikkje kan setja born til verda utan fast jobb, å planlegge å stifte familie blir vanskeleg med ei slik usikker tilsetjing som ny arbeidsmiljølov opnar for.

Ei samla fagrørsle gjekk mot lovendringane. Arbeidstilsynet påpeika i høyringsuttalen sin at lovendringane kan føre til meir sjukdom, stress og ulykker. Arbeidstilsynet frykta og at lovendringane vil legge til rette for meir arbeidslivskriminalitet.

I regjeringas eigen lovproposisjon står det at mellombelse tilsetjingar ikkje fører til fleire stillingar, noko som har vore eit sterkt argument frå regjeringa si side. I lovproposisjonen går ein gjennom forsking på feltet som viser at: "En har ikke kunnet finne effekt på sysselsettingsnivået generelt ved økt adgang til midlertidig ansettelse eller endret stillingsvern." Vidare vert det gjort greie for negative konsekvensar av å være mellombels tilsett, både for helse, arbeidsmiljø og tilgong til kompetanseheving i bedrift: "Forskningen tyder på at midlertidig ansatte opplever større problemer med arbeidsmiljø og helse sammenlignet med fast ansatte og viser klart at disse i mindre grad får delta i opplæringstiltak finansiert av arbeidsgiver."

Regjeringa hevda at ved å tillata fleire mellombels tilsette vil fleire ungdommar og utsette grupper som funksjonshemma lettare få seg jobb. Dette vart tilbakevist av dei funksjonshemma sine eigne organisasjonar som og er imot forslaget.

Forsking frå FAFO og OECD dokumenterer at auka tilgang til mellombels tilsetjingar ikkje skaper auka sysselsetting. Det skapar kun fleire mellombelse stillingar og færre faste stillingar. Forsking viser og at mange mellombels tilsette kan utgjera ein sikkerheitsrisiko, og at mellombels tilsette vert utsett for større helserisiko og press enn faste tilsette.

I kommunal og fylkeskommunal sektor har vi ein særeigen utfordring med å halda på gode fagfolk og rekruttere nye. Om berre seks år vil Noreg mangle over 11.000 lærarar. Dersom dagens utvikling held fram, vil vi mangle 38.000 årsverk innan pleie- og omsorgsyrka i 2030. Mangelen på barnehagelærarar er stor i kommunar landet rundt.

I denne situasjonen trengs det meir enn nokon gong seriøse arbeidsgjevarar, både offentlege og private, som tilbyr sine tilsette verdige løns- og arbeidsvilkår. Auka bruk av mellombelse tilsetjingar er det motsette av dette og fører oss på veg mot lausarbeidarsamfunnet.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Kva er fylkesordføraren sitt syn på endringa i arbeidsmiljølova?
- Er fylkesordføraren einig i at Hordaland fylkeskommune ikkje skal nytta seg av ny AML14-9."

Fylkesordføraren svarte samla på interpellasjonane frå Terje Kollbotn og Aud Karin Oen:

"01.01.2015 kom det inn ein ny regel i arbeidsmiljølova som gav adgang til mellombels tilsetting på generelt grunnlag i inntil 12 månader. Maksimalt 15 prosent av dei tilsette i verksemda kan vere mellombels tilsett etter denne bestemmelsen.

Hordaland fylkeskommune (HFK) har sidan 2012 rapportert til administrasjonsutvalet om bruken av mellombelse tilsettingar i HFK. Målsettinga med rapporteringa har vore å gi eit oversyn over kor mange som går i mellombelse tilsettingshøve og vidare ha fokus på om HFK følgjer regelverket på området.

I fylkeskommunen sitt fullmaktsreglement under personalforvaltning pkt. 2.1 om Tilsettingar er det teke inn at fylkesdirektørane ikkje kan nytte arbeidsmiljølova §14-9,1(f) og har sentralisert godkjenningsordninga. Dette gjeld og for alle einingsleiarar under direktørane som til dømes rektorar.

Det har så langt ikkje vore henvendingar frå fylkeskommunale einingar kring regelen om å få tilsette mellombels på generelt grunnlag. Fylkesordføraren meiner difor at fylkeskommunen sin praksis er i tråd med interpellantane sitt ønskje. Fylkesordføraren er nøgd med at denne praksisen blir følgd i HFK, og støttar interpellantane sine vurderingar knytt til moglege negative konsekvensar av den nye arbeidsmiljølova."

**Terje Kolbotn (R)** sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune vil som arbeidsgjevar fylgje tidlegare paragraf 14-9 i Arbeidsmiljølova, uavhengig av om Stortinget har vedtatt utvida adgang til mellombels tilsetjingar i ei ny Arbeidsmiljølov."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

39 av representantane (A, MDG, 1V, R, SV, Sp, Frp) røysta for at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed realitetsbehandla. Jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning

**Røysting**
Kollbotn sitt forslag fekk 32 røyster (A, Sp, SV, 1V, MDG, R) og vart vedteke.

**Vedtak**

Hordaland fylkeskommune vil som arbeidsgjevar fylgje tidlegare paragraf 14-9 i Arbeidsmiljølova, uavhengig av om Stortinget har vedtatt utvida adgang til mellombels tilsetjingar i ei ny Arbeidsmiljølov.

**Terje Kollbotn (R)** hadde sendt slik interpellasjon (3) til fylkesordføraren:

**"Styrk nynorsken i Hordaland!**
Hordaland fylkeskommune har nynorsk som administrasjonsspråk. Likevel opplever vi diverre mange døme på at nynorsken er på vikande front, spesielt i Bergensregionen. I Hordaland fylkesting er det gjort vedtak om å arbeide for ein vestlandsregion, med Bergen som vestlandshovudstad. Då må det utviklast ein offensiv strategi for å styrke nynorsken både i Bergen og resten av Hordaland.

Samstundes opplever vi i desse dagar prosessar med kommunesamanslåing i Hordaland, der nynorsken vil kunne bli utsatt for ytterlegare press i språkdelte område. Mange elevar både på ungdomstrinnet og i vidaregåande skular i Hordaland går frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Dei fleste framandspråklege elevane og dei som går på norskkurs innan vaksenopplæring får berre tilbod om bokmål i nynorskfylket Hordaland. Her er det gledeleg at fleire kommunar (t.d. Voss, Ullensvang, Osterøy og Stord) relativt nyleg har gått over frå bokmål til nynorsk som opplæringsmål for vaksne innvandrarar.

På denne bakgrunnen, vil eg spørre:

1. Vil fylkesordføraren ta eit politisk initiativ å få utvikla ein handlingsplan for å få styrka nynorsken på alle plan i Hordaland, ikkje minst i Bergensregionen?
2. Vil fylkesordføraren gå inn for tiltak for å styrke nynorsken innan vidaregåande skular og norskopplæringa for asylsøkjarar, flyktningar og arbeidsinnvandrarar i fylket?
3. I tilfelle svara er ja på dei to første spørsmåla: Korleis vil fylkesordføraren gå i bresjen for utvikle eit breidt samarbeid for å få verkeleg gjennomslag for ein offensiv for nynorsken i heile Hordaland fylke?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Fylkesordføraren deler interpellanten sitt engasjement for nynorsk, og det er det mange grunnar til. Gjennom å sikra at born og unge lærer begge dei to sidestilte skriftspråka i Norge tryggjer vi rettane til nynorskbrukarane. Samstundes veit vi at born og unge som lærer eit sidemål har betre språkforståing og lettare lærer andre språk. Ei god sidemålundervisning gjer fridom for den einskilde til å velje det skriftspråket han/ho ynskjer, og fridom seinare i livet til å velje ein jobb som krev at han/ho meistrar både nynorsk og bokmål.

Difor ynskjer fylkesordføraren initiativet velkomen, og vil, om forslaget frå interpellanten får fleirtal i fylkestinget, bidra til at det vert utarbeida ein brei handlingsplan for å styrka nynorsken i Hordaland. Ein eventuell handlingsplan vil innehalde mål og tiltak for korleis ein kan styrkja nynorsken i Hordaland, og fylkesordføraren vil difor ikkje peike på einskilde tiltak no, heller ikkje ovanfor einskilde grupper i samfunnet vårt."

**Terje Kolbotn (R)** sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen utarbeide eit forslag til handlingsplan for å styrke nynorsken både i forvaltninga, dei vidaregåande skulane og elles i Hordaland fylke."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

19 av representantane (H, Frp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla. Jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning, som seier at det kan gjerast vedtak i sak som ikkje står på saklista dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene motset seg dette.

**Aud Karin Oen (SV)** hadde sendt slik interpellasjon (4) til fylkesordføraren:

**"Øystesevassdraget må inn i verneplan for vassdrag!**
Elvane og fossane våre er ein sentral del av naturskatten vår. Dei siste hundre åra har me lagt sju av dei ti høgaste fossane våre i røyr, og to av tre store vassdrag er regulert. Tidlegare regjeringar har, gjennom å vedta fire verneplanar for vassdrag, lovfesta vern av 25% av vassdraga våre mot utbygging, men klimakrisa og det "grøne skiftet" har aktualisert ei jakt på ulike former for fornybar energi, og i vårt land vil det seia vind- og vasskraft.

Regulerbar kraft vert omtalt som "Europas grøne batteri" som skal erstatta kolkraft, men i realiteten utgjer den totale norske vasskrafta berre 1% av energibehovet i Europa. Argumentet er likevel blitt brukt av ulike kraftselskap for å byggja ut stadig nye vassdrag, både store og små.

No har Olje- og energiminister Tord Lien varsla gjennomgang av alle verna vassdrag på nytt, og det er grunn til å tru at fleire av vassdraga i Hordaland står lageleg til for hogg.

Vi har eit stort kraftoverskot i Noreg. Overproduksjon pressar prisane ned og slår beina under energieffektiviseringstiltak. Det finst andre, langt meir framtidsretta alternativ for fornybar

energiproduksjon, og det kraftoverskotet vi allereie har bør vi nytte til nye grøne arbeidsplassar. Det er meiningslaust å byggja ut stadig meir av dei siste urørte vassdraga, både dei som er verna og dei som enno ikkje er verna, så lenge det berre betyr at naturen må betala for at vi skal kunna sløsa endå meir med fornybar energi!

Av omsyn til våre etterkomarar bør nokre vassdrag få renna fritt, og i mange tilfelle representerer vassdraga større verdiar – også økonomisk – dersom dei får renna fritt enn dersom dei blir lagt i røyr.

Øystesevassdraget ligg i eit imponerande flott og samanhengande urørt fjellandskap. Det unike vassdraget renn fritt hele vegen frå høgfjellet med sine fossar og stryk før det til slutt munnar ut i Hardangerfjorden. Vassdraget er eit av dei få store vassdraga i Hordaland, som framleis er urørt. Det er et resultat av over 20 års kamp frå natur og friluftsorganisasjonane, og tautrekkinga pågår like fram til i dag.

NVE har nyleg innstilt på at BKK og Øystese kraft får byggja ut kvar sin del av vassdraget. BKK vil bygge ut i øvre del for å kunne overføre vann til Svartavatnmagasinet i Samnanger, kraft som skal forsyne nettet Hardangermastene har lagt grunnlaget for. Øystese Kraft vil byggja sitt kraftverk i nedre del av vassdraget.

Vassdraget har eit stort biologisk mangfald, og stor naturvariasjon både med omsyn til dei ulike elvestrekningane, landskapet som heilheit og bruken. Naturen vekslar på kort tid frå frodige gamle stølsvollar og beitepregа skogsområde til ville, bratte, alpine vestlandsfjell. I nedre del finn ein fossesprøytsone i tilknyting til den vakre Ørredalsfossen. Øystesevassdraget er av så høg verdi at det i 2009 blei vurdert teke inn i Verneplan for vassdrag etter klare tilrådingar frå både NVE, Fylkesmannen og Direktoratet for Naturforvaltning. Faginstansane viste blant anna til dei store vassdrags- og landskapskvalittane samt friluftslivsverdiane, som vassdraget representerer.

Øystesevassdraget er en viktig kjelde til naturglede for svært mange menneske. Fisk, elver, jettegryter, fossar, kulturminne og T-merka tursti gjev stor naturglede for dei mange som bevegar seg langs vassdraget. Nærmare 400.000 menneske har Bergsdalen og Kvamsfjella som sitt næraste eller nest næraste friluftsområde, og for bergensarar er Kvamsfjella og Bergsdalen det mest brukte turområdet, nest etter Byfjella. DNT har nylig utvida hyttenettet i området frå fire til seks hytter. Vassdraget er også viktig for sport og fritidsfiske, og Fitjadalsvatnet er spesielt godt tilrettelagt for denne type aktivitetar med toalett, grindhus og eigen heis for at funksjonshemma skal kunne komme seg ut i båt.

Heilomvendinga frå NVE framstår som høgst paradoksal ettersom utbyggingspresset i Hordaland aldri har vore så stort som i dei seinare åra. Området rundt Øystesevassdraget er eit av dei få større samanhengande inngrepsfrie områda me har att i Hordaland. Vassdraget ligg i Hardanger, som i dei seinare år har vore utsett for eit massivt utbyggingspress med mykje "bit-for-bit utbygging" av vassdrag i tillegg til utbygging av linjer og master. Ikkje noko norsk fylke har mista meir av vassdragsnaturen sin enn Hordaland. Ved sidan av delen som er vernet er det nå svært lite som står att av den utbyggbare vassdragsnaturen. 9 av 10 vassdrag som kan byggjast ut i Hordaland er i dag bygd ut.

Med Naturvernforbundet Hordaland, Bergen & Hordaland Turlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland i spissen, kjempar natur og friluftsorganisasjonane mot inngrep i Øystesevassdraget. Det gjer dei også gjennom Samarbeidsrådet for Naturvernsaker, som er eit samarbeidsorgan for WWF-Norge, DNT, Naturvernforbundet og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

Spørsmål til fylkesordføraren:
Vil fylkesordføraren arbeide for at dette unike området vert verna?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Fylkesutvalet vedtok i 2012 å rå til bygging av Øystese kraftverk og overføring av Vossadalsvatnet til Svartavatnet (vedtak 247/12 frå 25.10.12). Dette er det gjeldande politiske vedtaket for fylkeskommunen.

Stortinget vedtok i 2009 at Øystesevassdraget ikkje vart del av verneplan for vassdrag. I 2006 gav fylkeskommunen to fråsegner knytt til NVE si handsaming av eventuell opptaking av Øystesevassdraget i verneplanen. Fylkesutvalet rådde i fyrste handsaming for vern av heile vassdraget (vedtak 5/12 frå 26.01.06). I andre handsaming rådde fylkesutvalet til vern av øvre del av vassdraget og høve til utbygging i nedre (vedtak 311/12 frå 06.12.06).

Å eventuelt arbeide for å verne vassdraget vil krevje ny politisk handsaming."

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkesting støttar vern av Øystesevassdraget og at det må inn i verneplanen for vassdrag."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

21 av representantane (H, Frp, 2Sp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla. Jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

**SPØRSMÅL**

**Kjetil Hestad (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål (1) til fylkesordføraren:

"Over lang tid har det vore eit sterkt ynskje frå oss politikarar, både på kommunalt og fylkeskommunalt nivå, om at folk i større grad må nytta kollektiv transport når dei skal reisa i Hordaland. I Bergen har me sett gong på gong at lufta er så dårlig at Bergen kommune har sett seg nødt til å innføra restriksjonar på bruk av bil inn til byen.

Frå min heimkommune Tysnes er det mange som ynskjer å nytta seg av kollektivtransport når dei skal til Bergen, og det er sikkert mange frå andre kommunar rundt Bergen som også har lyst til det same. For nokre år sidan mista me direkte bussen til Bergen, då var lovnaden at det skulle komma bussruter som harmonerte med ferjerutene. Det er mykje som manglar på at me er i mål med den lovnaden.

Problemet er ikkje viljen til dei reisande om å nytta kollektivtransport men mogeligheita for at dei faktisk kan få det til. La meg ta eit døme Om du reiser frå Bergen og skal til Tysnes med 07.30 ferja frå Halhjem så går ferja akkurat samtidig som 600 bussen kjem ned på kaien. Omvendt så går 600 bussen til Bergen 08.42 som er tre minutt før ferja frå Våge legg til kai. Synes fylkesordføraren dette fremjar folks mogeligheit til å reisa kollektivt?

Bergen er ein viktig by for oss i distriktet, som mange må reisa til for spesialistbehandling eller for å handle. Då meiner eg at me som fylkestingspolitkarar ikkje bare må snakka om at det er viktig at folk nyttar kollektivtransport, men faktisk også legg til rette for dette gjennom ruter som "heng saman".

Så mitt spørsmål er om fylkesordføraren vil ta tak i dette og syta for at dei som har lengst veg til Bergen frå distrikta faktisk kan reisa så "saumlaust" som mogelig, og at ruter som ikkje heng saman vert korrigert?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Linje 600 (Bergen busstasjon - Osøyro - Halhjemsmarka) er den viktigaste kollektivforbindelsen mellom Bergen og regionsenteret Os, med eit frekvent rutetilbod store delar av døgnet og veka. På kvardagar er det godt over 100 turar på linje 600, eit fleirtal av avgangane går til Halhjem. Linja har godt belegg og eit totalt snitt av påstigande pr. kvardag på omlag 3500 passasjerar. Traséen for linja følgjer E39.

For denne og liknande viktige linjer vil ein så langt som mogleg ha stive rutetider; faste minutt-tal for avgangane, som til dømes avgangar til over heil og ti over halv. Dette er eit sentralt planleggingsprinsipp som er forankra i Kollektivstrategi for Hordaland, og gjennomgåande i ulike rettleiingar for ruteplanlegging. Stive rutetider gjev eit tilbod som er enkelt for dei reisande å hugse, som gjer at ein ikkje treng å slå opp i rutetabellen. I tillegg gjev det best betening for dei reisande langs traseen, og jamn fordeling av passasjerar på dei ulike avgangane.

Linje 600 har stive rutetider (basert på tidspunkt for avgang frå Osøyro), som igjen er bunde opp i ulike byttemoglegheiter langs heile traséen. Sidan ferja Våge - Halhjem ikkje har slike stive rutetider, har ein ikkje her eit opplegg der rutetider for buss er knytt direkte til rutetidene for ferja. Kor godt bussavgangane passar med ferjeavgangane vil difor variere.

Framkomst for buss er ei utfordring for kollektivtrafikken i store delar av Bergensområdet. At køyretida for ei gitt strekning kan ha store variasjonar er ei stor utfordring i planlegging av eit godt og effektivt kollektivtilbod. Ein ønskjer å leggje opp til så kort ventetid som mogleg ved bytte, samtidig som ein må ta høgde for moglege forseinkingar for bussen på grunn av trafikale tilhøve. Køyretid lagt til grunn i ruteheftet blir justert årleg, på grunnlag av målingar av faktiske køyretider.

Frå 04.01.2016 vart det, knytt til førebuing for tidsdifferensierte bompengar, auka produksjon på linje 600. Det vart ei monaleg auke i talet på avgangar frå Halhjem, spesielt i rushtid morgon og ettermiddag. Det er som tidlegare lagt opp til stive rutetider på linje 600. I utgangspunktet går annankvar avgang på linje 600 frå Os, og annankvar frå Halhjem. For å hindre at ventetid mellom buss og ferje frå Våge blir for lang, har ein tilpassa kva avgangar som går frå Halhjem best mogleg til ferjetidene. Skyss ser at ein ikkje i stor nok grad har fått dette til å passe, og vil setje inn nokre ekstra avgangar som eit mellombels tiltak. Desse vil bli iverksett i løpet av februar.

Med dei mellombelse tiltaka vil byttemoglegheitene for dei mest aktuelle ferjetidene sjå slik ut på Halhjem:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Ankomst Halhjem ferje | ca. 06:05 | ca. 07:25 | ca. 08:45 | |
| Avreise Halhjem buss | 06:19 NY | 07:33 | 08:52 NY | |
| | | | | |
| | 15:16 NY | | | |
| Ankomst Halhjem buss | ca. 15:26 | ca. 16:42 | | 19:29 NY |
| Avreise Halhjem ferje | 15:30 | 16:50 | | 19:40 |

Det er også mogleg å reise med passasjerbåt Reksteren - Våge - Os, med følgjande byttemoglegheit på Osøyro:

| | | |
|---|---|---|
| Ankomst Osøyro båt | ca. 06:40 | ca. 08:20 |
| Avreise Osøyro buss | 06:45 (e) | 08:25 |
| | 06:45 | |
| | | |
| Ankomst Halhjem buss | ca. 15:24 | |
| Avreise Osøyro båt | 15:35 | |

**Tom Sverre Tomren (MDG)** hadde sendt inn slikt spørsmål (2) til fylkesordføraren:

"**Trafikktall 2015 og elsykkel-strategi**
I løpet av dette fylkestinget skal vi blant annet drøfte strakstiltak mot luftforurensingen i Bergen. Dette er en viktig sak, men slike viktig som strakstiltak er den langsiktige utviklingen i trafikktall of den langsiktige løsningen på problemet. I denne forbindelse har jeg og MDG følgende spørsmål til fylkesordføreren:

1. Hvordan har utviklingen i biltrafikken i Bergen vært de siste årene – inklusiv 2015?
2. Hvordan har utviklingen i antall syklende i Bergensområdet vært de siste årene – inklusiv 2015?
3. I hvilken grad har fylkeskommunen analysert og utviklet en strategi for elsykkel sitt potensiale i arbeid med klima og luftforurensing i Bergen og Hordaland?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"**Trafikken i bomringen i Bergen**
Biltrafikken i bomringen har i perioden 2010-2014 auka med 1,6%. Trafikken i 2015 er 0,35% høgare enn i 2014, men likevel lågare enn i 2013, 2012 og 2011. Tungtrafikken utgjer ein like stor andel i 2015 som i 2014 med 8,3% av passeringane.

Ei forklaring på trafikkveksten frå 2014 til 2015, er auka bruk av elbil. Tal frå BT Signaal AS og Bergen Bompengeselskap AS, syner at veksten i elbilpasseringar er langt større enn trafikkveksten generelt. I 2014 var talet på elbilpasseringar i bomringen omlag 1,57 mill. dvs. omlag 3% av totalpasseringane. I 2015 vart talet på 3,13 mill. dvs. omlag 6% av passeringane i bomringen.

Trafikken ved utgangen av februar 2016 er 4,9% lågare enn for same periode i 2015, noko som i stor grad skuldast datokøyring i januar og innføring av tidsdifferensierte satsar i februar. Trafikktala i bomstasjonane etter innføringa av tidsdifferensierte takstar, syner ei tydeleg omfordeling av trafikk til periodane med låg takst i morgon- og ettermiddagsrushet, og ein ser ein reduksjon i trafikkmengda totalt sett over døgnet som er sterkare enn kva som var føresett.

**Utviklinga i talet på syklande i Bergensområdet**
Den siste reisevaneundersøkinga frå 2013 viser ein nedgang i andelen syklande i Bergensområdet på 0,5 % samanlikna med 2008, dvs. 2,8 % syklande i dag. Tilsvarande tal for Bergen kommune er noko høgare. Her er var andelen syklande 3,4 %, og det var ein nedgang på 0,4 samanlikna med 2008.

**Elsykkelstrategi**
Fylkeskommunen har ikkje utvikla ei eiga strategi kun for el-sykkel, men tiltak for å fremje bruk av elsykkel inngår i arbeidet med "Sykkelbyen Bergen", oppfølging av Klimaplan for Hordaland og gjennomføring av den Europeiske Mobilitetsveka i Bergen.

I samarbeid med Naturvernforbundet sitt "Prøvekjør el-sykkel"- prosjekt vert publikum og bedrifter tilbode test av el-sykkel ved ulike arrangement.

Som ein oppfølging av klimaplanen innanfor eiga verksemd er det sett av midlar til utprøving av el-syklar. Tiltaket er relevant for skular og tannklinikkar, t.d. for lærarar som følgjer opp elevar i praksis i nærmiljøet, og tannpleiarar som vitjar institusjonar for eldre. Årstad tannklinikk kjøpte 2 el-syklar i 2015 til slikt føremål. Fyllingsdalen vgs har ei gruppe elevar innan tilrettelagt undervisning/bil- og sykkelservice som vil satse særskilt på vedlikehald og service av el-syklar i tillegg til vanlege syklar. Ved planlegging av nye sykkelparkeringstilhøve ved skulane har ein også tenkt på lademuligheiter for el-sykkel.

Grunnlagsdokumentet for Nasjonal Transportplan som vart lagt fram 29. februar har stort fokus på å legge til rette for auka sykkelbruk. Her er det mellom anna foreslått å vurdere momsfritak for el-syklar."

**Tor Andre Ljosland (Krf)** hadde sendt inn slikt spørsmål (3) til fylkesordføraren:

"Når ser fylkesordføreren for seg at enhetstaksten på toget til Arna blir innført?

Begrunnelse:
I flertallets budsjettforslag ble det lagt inn penger til å innføre enhetstakst for reiser med tog mellom Bergen sentrum og Arna. Dette vil føre til at alle miljøvennlige kollektivreiser i Bergen kommune får lik pris uavhengig av strekningens lengde og transportmiddel. Jeg har merket meg at også fylkesordføreren er en ivrig tilhenger av at dette skal komme på plass slik at nok et valgløfte kan innfris."

Fylkesordføraren opplyste at tidspunktet for innføring enno ikkje er klart. NSB skal møte statsråd Ketil Solvik Olsen for å drøfte strategi for korleis ein skal handtere situasjonen, både i Hordaland og i andre fylke. Fylkesordføraren understrekte at forseinkinga ikkje er forårsaka av Hordaland fylkeskommmune, men at NSB lokalt har trekt seg frå forhandlingane i påvente av møtet med statsråd Ketil Solvik Olsen.

# PS 4/16 Forvaltningsrevisjon av NDLA - Revisjonsrapport

## Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av NDLA ber fylkestinget fylkesrådmannen og styret i NDLA syta for å:

1. Utarbeide ei oversikt over alle innkjøpsavtalar NDLA har med leverandørar
2. Utarbeide rutinar for oppfølging og kontroll av alle innkjøp NDLA gjennomfører, som inneheld:
   a) Rutinar for kontroll av etterleving av regelverk for offentlege anskaffingar, og
   b) Rutinar for kontraktsoppfølging.
3. Etablere eit system for avvikshandtering.
4. Utarbeide ein kompetanseplan for innkjøpsaktivitet i NDLA.
5. Utbetre internkontrollen i NDLA, gjennom å sørge for:
   a) Systematisk kontroll av at innkjøpsprioriteringar og innkjøpsaktivitet samsvarar, og
   b) Sentralisert kontroll av om innkjøp er samstemt med føresegn i kontraktar og rammeavtalar.
6. Søke balansert leverandøruavhengigheit i samsvar med innkjøpsstrategi.
7. Gjennomføre risikovurdering og etablerer internkontroll knytt til ev. leverandøravhengighet.
8. Utarbeide rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret i NDLA.
9. Sikre at NDLA har ei fungerande styreform som sikrar kontroll og oppfølging av at organisasjonen blir drifta i samsvar med vedtekter.
10. Utarbeide rutinar for habilitet som er tilpassa innkjøpsaktiviteten i NDLA.
11. Sikre etterleving av innkjøpsstrategien sine etiske retningsliner for NDLA.
12. Sikre at dokumentasjon blir arkivert i samsvar med gjeldande lovverk og arkivrutinar.
13. Utarbeide rutinar som sikrar at det ikkje føreligg personlege interesser som kan innebere interessekonfliktar i anskaffingsprosessar som vert gjennomført av NDLA.
14. Etablere tydelege kanalar og rutinar for intern varsling.
15. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.6.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2016

### Handsaming i møtet
Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minutter til å presentere revisjonsrapporten for fylkestinget i mars.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### Innstilling
På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av NDLA ber fylkestinget fylkesrådmannen og styret i NDLA syta for å:

1. Utarbeide ei oversikt over alle innkjøpsavtalar NDLA har med leverandørar
2. Utarbeide rutinar for oppfølging og kontroll av alle innkjøp NDLA gjennomfører, som inneheld:
   a) Rutinar for kontroll av etterleving av regelverk for offentlege anskaffingar, og
   b) Rutinar for kontraktsoppfølging.
3. Etablere eit system for avvikshandtering.
4. Utarbeide ein kompetanseplan for innkjøpsaktivitet i NDLA.
5. Utbetre internkontrollen i NDLA, gjennom å sørge for:
   a) Systematisk kontroll av at innkjøpsprioriteringar og innkjøpsaktivitet samsvarar, og
   b) Sentralisert kontroll av om innkjøp er samstemt med føresegn i kontraktar og rammeavtalar.
6. Søke balansert leverandøruavhengigheit i samsvar med innkjøpsstrategi.
7. Gjennomføre risikovurdering og etablerer internkontroll knytt til ev. leverandøravhengighet.
8. Utarbeide rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret i NDLA.
9. Sikre at NDLA har ei fungerande styreform som sikrar kontroll og oppfølging av at organisasjonen blir drifta i samsvar med vedtekter.
10. Utarbeide rutinar for habilitet som er tilpassa innkjøpsaktiviteten i NDLA.
11. Sikre etterleving av innkjøpsstrategien sine etiske retningsliner for NDLA.
12. Sikre at dokumentasjon blir arkivert i samsvar med gjeldande lovverk og arkivrutinar.
13. Utarbeide rutinar som sikrar at det ikkje føreligg personlege interesser som kan innebere

interessekonfliktar i anskaffingsprosessar som vert gjennomført av NDLA.

14. Etablere tydelege kanalar og rutinar for intern varsling.
15. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.6.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2016**

**Deloitte v/Iver Fiksdal** presenterte "Forvaltningsrevisjon av NDLA – Revisjonsrapport".

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av NDLA ber fylkestinget fylkesrådmannen og styret i NDLA syte for å:

1. Utarbeide ei oversikt over alle innkjøpsavtalar NDLA har med leverandørar.

2. Utarbeide rutinar for oppfølging og kontroll av alle innkjøp NDLA gjennomfører, som inneheld:
    a) Rutinar for kontroll av etterleving av regelverk for offentlege anskaffingar, og
    b) Rutinar for kontraktsoppfølging.

3. Etablere eit system for avvikshandtering.

4. Utarbeide ein kompetanseplan for innkjøpsaktivitet i NDLA.

5. Utbetre internkontrollen i NDLA, gjennom å sørge for:
    a) Systematisk kontroll av at innkjøpsprioriteringar og innkjøpsaktivitet samsvarar, og
    b) Sentralisert kontroll av om innkjøp er samstemt med føresegn i kontraktar og rammeavtalar.

6. Søke balansert leverandøruavhengigheit i samsvar med innkjøpsstrategi.

7. Gjennomføre risikovurdering og etablerer internkontroll knytt til ev. leverandøravhengighet.

8. Utarbeide rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret i NDLA.

9. Sikre at NDLA har ei fungerande styreform som sikrar kontroll og oppfølging av at organisasjonen blir drifta i samsvar med vedtekter.

10. Utarbeide rutinar for habilitet som er tilpassa innkjøpsaktiviteten i NDLA.

11. Sikre etterleving av innkjøpsstrategien sine etiske retningsliner for NDLA.

12. Sikre at dokumentasjon blir arkivert i samsvar med gjeldande lovverk og arkivrutinar.

13. Utarbeide rutinar som sikrar at det ikkje føreligg personlege interesser som kan innebere interessekonfliktar i anskaffingsprosessar som vert gjennomført av NDLA.

14. Etablere tydelege kanalar og rutinar for intern varsling.

15. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.6.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## PS 5/16 Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnerbustad i Spania

**Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Følgje opp handlingsplanen som kultur- og idrettsavdelinga har lagt for å få avslutta fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for administrativ oppfølging og rapportering av saker og vedtak under arbeid.
3. Utarbeide rutinar som sikrar at eventuelle vilkår, som må vera innfridd før utbetaling av tilskot, er innfridd.
4. Utarbeide skriftlege rutinar for rapportering til politisk nivå om status og avvik på saker/oppfølging av vedtak.
5. Utarbeide retningsliner for registrering av fristar og anna styringsinformasjon i sak/arkivsystemet som eit ledd i å effektivisere og styrke arbeidet med oppfølging av saker.
6. Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar.
7. Laga ein handlingsplan innan 1.5.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.12.2015**

**Handsaming i møte**
Forvaltningsrevisorane Maja Sollied og Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av vedtaksoppfølging kunstnerbustad i Spania og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om at ordet "prioritert" kjem inn før ordet "handlingsplan" i punkt 7 i vedtaket.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**
På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Følgje opp handlingsplanen som kultur- og idrettsavdelinga har lagt for å få avslutta fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for administrativ oppfølging og rapportering av saker og vedtak under arbeid.
3. Utarbeide rutinar som sikrar at eventuelle vilkår, som må vera innfridd før utbetaling av tilskot, er innfridd.
4. Utarbeide skriftlege rutinar for rapportering til politisk nivå om status og avvik på saker/oppfølging av vedtak.
5. Utarbeide retningsliner for registrering av fristar og anna styringsinformasjon i sak/arkivsystemet som eit ledd i å effektivisere og styrke arbeidet med oppfølging av saker.
6. Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar.
7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.5.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

> "Tillegg i punkt 7 slik at ny siste setning blir sålydande:
> Handlingsplanen skal leggjast fram til realitetsbehandling i utval for kultur, idrett og regional utvikling."

**Røysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteken.
Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Følgje opp handlingsplanen som kultur- og idrettsavdelinga har lagt for å få avslutta fylkesutvalssakene 222/07 og 200/11.

2. Utarbeide skriftlege rutinar for administrativ oppfølging og rapportering av saker og vedtak under arbeid.

3. Utarbeide rutinar som sikrar at eventuelle vilkår, som må vera innfridd før utbetaling av tilskot, er innfridd.

4. Utarbeide skriftlege rutinar for rapportering til politisk nivå om status og avvik på saker/oppfølging av vedtak.

5. Utarbeide retningsliner for registrering av fristar og anna styringsinformasjon i sak/arkivsystemet som eit ledd i å effektivisere og styrke arbeidet med oppfølging av saker.

6. Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar.

7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.5.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

   Handlingsplanen skal leggjast fram til realitetsbehandling i utval for kultur, idrett og regional utvikling.

## PS 6/16 Tannhelsetenesta - Klinikkstrukturplan 2015 - 2030

**Forslag til innstilling**

Fylkesrådmannen si innstilling for framtidig klinikkstruktur i tannhelsetenesta i Hordaland for planperioden 2015- 2030 er:

1. **Aust tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Aust tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert om 3 store tannklinikkar – Norheimsund tannklinikk, Odda tannklinikk og Voss tannklinikk.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   a) **Granvin tannklinikk** blir lagt ned i 2016. Pasientane blir overførte til Voss tannklinikk.

   b) **Ulvik tannklinikk** og **Lofthus tannklinikk** blir oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

   c) Kjøp av tenester frå privat tannlege i Vaksdal blir avslutta når vedkomande går av med pensjon i 2017.

   d) **Dalekvam tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er ferdig i 2018. Pasientane kan velja mellom tannhelsetilbod på Voss tannklinikk eller Indre Arna tannklinikk.

   e) Det kan bli aktuelt å bygga ny tannklinikk i Odda i løpet av planperioden.

2. **Nord tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Nord tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli gitt på 5 store tannklinikkar – tannklinikk i Nordhordland Helsehus, Lindås tannklinikk, Åsane tannklinikk, Hesthaugen tannklinikk og Indre Arna tannklinikk, og ein mindre tannklinikk på Osterøy.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

a) **Lindås tannklinikk** blir oppretthalden.

b) **Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk** blir lagt ned i 2016 og pasientane kan velja om dei vil ha tannhelsetilbodet på Knarvik tannklinikk eller på Lindås tannklinikk.

c) **Ny tannklinikk i Indre Arna** blir etablert i 2017 med kapasitet til å gi et tannhelsetilbod til pasientar frå Arna, delar av Vaksdal og delar av Samnanger.

d) **Ny tannklinikk i Helsehuset Nordhordland** blir etablert i 2018 med 12 behandlingsrom. Helsehuset Nordhordland er under planlegging, og tannhelsetenesta deltek i prosjekteringa. Med omsyn til investeringsplan og inngåing av endelege leigekontraktar, er det viktig med ei rask avgjerd i saka.

e) **Nåverande Knarvik tannklinikk, Frekhaug tannklinikk og Manger tannklinikk** blir nedlagt når tannklinikken i Helsehuset Nordhordland står klar til bruk.

f) **Ny tannklinikk i Åsane videregående skole** blir etablert i 2020. Dette er ei samlokalisering av nåverande U Pihl tannklinikk og Rolland tannklinikk. Åsane vgs har som einaste skule i Hordaland utdanning av tannhelsesekretærar, og den nye tannklinikken skal bidra i praktisk trening av elevane på denne linja.

3. **Sentrum tannhelsedistrikt**
Tannhelsetilbodet i Sentrum tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert på 5 store tannklinikkar – Solheimsviken tannklinikk, Årstad tannklinikk, Fana tannklinikk, Sørås tannklinikk og Os tannklinikk – og 2 mindre tannklinikkar – Eikelandsosen tannklinikk og Austevoll tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

a) **Tysse tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er klar til bruk i 2018. Pasientane i Samnanger kan då velja mellom å få sitt tannhelsetilbod på Eikelandsosen tannklinikk, på Indre Arna tannklinikk, Os tannklinikk eller Norheimsund tannklinikk.

b) **Ny tannklinikk i Fana bydel** blir etablert i 2019. Dette er ei samlokalisering av nåverande Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk.

c) **Ny tannklinikk på Os** blir etablert i 2022.

d) **Tysnes tannklinikk** blir vurdert lagt ned når ny tannklinikk i Os er klar til bruk i 2022.

4. **Sør tannhelsedistrikt**
Sør tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden konsentrera sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Stord tannklinikk, Husnes tannklinikk, Bremnes tannklinikk og Sveio tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

a) Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilbodet i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eiga sak i løpet av 2016.

b) **Rosendal tannklinikk** blir lagt ned i 2016.

c) **Langevåg tannklinikk** blir oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

d) **Ny tannklinikk i Sveio** blir etablert i 2023.

5. **Vest tannhelsedistrikt**
Vest tannhelsedistrikt vil gi sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Loddefjord tannklinikk, Fyllingsdalen tannklinikk, Askøy tannklinikk og Straume tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

a) **Askøy tannklinikk** er under bygging, og vil vera ferdig i desember 2016. Dette er ei samlokalisering av Kleppestø tannklinikk og Florvåg tannklinikk.

b) **Ny tannklinikk på Straume** blir etablert i 2021. Sund tannklinikk og Ågotnes tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk på Straume er klar til bruk.

c) **Ny tannklinikk i Fyllingsdalen** blir etablert i 2024. Sælen tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk er klar til bruk.

d) **Laksevåg tannklinikk blir** lagt ned når det er kapasitet på naboklinikkane til å overta pasientane. Pasientane blir overført til Solheimsviken tannklinikk, Loddefjrod tannklinikk og nye Fyllingsdalen tannklinikk.

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

**Tor Andre Ljosland (Krf)** sette på vegne av A, Sp og Krf fram slikt alternativt forslag:

"Alternativ:
Saka vert utsett og sett opp igjen i eit nytt møte i forkant av marsmøtet i fylkestinget."

**Røysting**
Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Saka vert utsett og sett opp igjen i eit nytt møte i forkant av marsmøtet i fylkestinget.

**Saksprotokoll i administrasjonsutvalet - 23.02.2016**

**Pål Kårbø (FL KRF/SP)** sette fram slikt forslag til innstilling:

"Administrasjonsutvalet tar saka til orientering."

**Irene Ness (Akademikerne)** sette fram slik merknad på vegner av LO-K, YS-K, Unio og Akademikerne:

"Klinikkstrukturplanen 2015-2030 er utarbeidet uten drøfting med tillitsvalgte, men tillitsvalgte er informert etter at planen var ferdig utarbeidet.

Nåværende plan er en endring fra høringsutkastet i 2014. På side 5 i Klinikkstrukturplanen 2015-2030 står det under 1.3 "Arbeidsmetode" at det er gjennomført info- og drøftingsmøter. Det er kun gitt informasjon om planen. På side 33 under Tannhelsetenesta d) står det at det er startet drøftinger om utvidet åpningstid med tillitsvalgte. Det er kun informert om at dette i møte på lokalt nivå.

Klinikkstrukturplanen er et offentlig plandokument. Ansattes arbeidstid pleier ikke å være en del av et offentlig plandokument som omhandler struktur.

I den reviderte Klinikkstrukturplanen har Fylkestannlegen tatt hensyn til høringsinnspill og bevarer flere klinikker. Dette reduserer problemstillingen med lengre reisetid for mange pasienter betydelig.

Tannhelse har fått redusert bevilgninger med 20 millioner kroner de siste 4 -5 år, og dekker ikke tannhelse sitt totalbudsjett for drift og lønn. Tannhelsebudsjettet baserer seg på en høy inntjening fra betalende pasienter og utgjør nå ca. 36 % av totalbudsjettet til tannhelse.

De reduserte bevilgningene over flere år, fører til en ny klinikkstrukturplan for å bli mer kostnadseffektive. Det betyr at klinikker som er minst i bruk, vurderes nedlagt. Dette må ses på som en villet politikk fra politikerne som har redusert tannhelsebudsjettet med en forholdsvis stor sum for en liten avdeling over flere år.

Samtidig har pasienter som får tilsyn og behandling i prioriterte grupper økt. Økningen er gr. C1 (sykehjem og institusjon), gr. C2 (hjemmesykepleie, ordinær og psykiatri), gr. E (LAR og innsatte).

Gr. A (3-18 år) og gr. D (19-20 år) er under tilsyn med et ønsket innkallingsintervall på 24 måneder. Gjennomsnittet er ca. 18 måneder. Pasientgruppen er betydelig forskjellig fra den tiden offentlige tannleger var skoletannleger. Det er en interessant og utfordrende jobb som samtidig er krevende, både fysisk og psykisk.

Rekruttering til tannlegestillinger i Hordaland er ikke den beste. Søkermassen domineres av tannleger med utdannelse fra utlandet, både norske og utenlandske, flere søkere uten norskkunnskap eller autorisasjon. De fleste aktuelle kandidater er nyutdannede.

Den største fordelen for rekruttering til offentlige tannhelsestillinger er arbeidstiden, og oppgis som en svært viktig årsak til å arbeide offentlig. Dette er et gode ved å arbeide offentlig, og arbeidstiden lar seg kombinere med et familieliv. Lønnen som offentlig tannlege er ikke spesielt høy, pasientgruppene krever ofte mer fysisk og psykisk av en behandler enn hos en privat tannlege som behandler voksne pasienter.

Klinikkstrukturplanen fremmer større enheter med den hensikt å få et større fagmiljø, stabil kompetanse over tid for å få en bedre rekruttering, som ses på som et gode for pasientene. Men dersom åpningstiden utvides, vil det ta bort det viktigste gode ved en offentlig stilling, og svekke rekruttering til tannlegestillinger ytterligere.

Innkallingsintervallet for gruppene A og D som utgjør hoveddelen av pasientmengden, tilsier at en pasient kalles inn annet hvert år. Dette kan ikke ses på som en stor belastning. Ved flytting av klinikker til regionalsentre, vil de fleste elever i den videregående skole ha nærhet til en tannklinikk, og bør få gå på tannklinikken som ligger nærmest skolen, dersom pasienten ønsker dette. Dette vil redusere fravær ved timeavtaler.

Tannlegeforeningen NTF ønsker ikke en endret arbeidstid for ansatte i forbindelse med en ny klinikkstrukturplan.

Alle fagforeningene i administrasjonsutvalget står samlet bak oversendelsesforslaget."

Merknaden frå Irene Ness vart omgjort til eit oversendingsforslag på vegner av LO-K, YS-K, Unio og Akademikerne.

**Røysting**
Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Ness sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av Administrasjonsutvalet utan realitetsbehandling.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Administrasjonsutvalet tar saka til orientering

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

Saka var utsett i utval for opplæring og helse, og vart difor ikkje behandla av fylkesutvalet.

Saka vert lagt fram for fylkesutvalet i eit ekstra møte før fylkestinget 08.03.2016. Innstilling til fylkestinget vert lagt fram etter dette møtet.

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 08.03.2016**

**Solbjørg Marjala (R)** sette fram slikt forslag:

> "Utval for opplæring og helse går inn for at tannhelseplanen blir sendt attende til fylkesadministrasjonen for ny og grundigare vurdering, ny høyringsrunde og endeleg politisk handsamning i løpet av hausten 2016."

**Bjørnar Hamre (V)** sette fram slik forslag:

> "Tillegg til forslag frå Rødt:
>
> Inntil et eventuelt vedtak bekrefter at regionalt forvaltningsorgan fortsatt skal ha ansvar for tannhelse, skal man i større grad vektlegge kommunenes høringssvar ved forslag om større strukturendringer."

**Røysting** (forslaget om utsetjing)
Marjala sitt forslag med Hamre sitt tillegg fekk 5 røyster (V, R, H) og fall.

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette fram slikt forslag:

"Fylkesrådmannen sitt forslag, med slike endringar:

1. AUST TANNHELSEDISTRIKT :
   Nytt pkt. b: Ulvik tannklinikk og Lofthus tannklinikk vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

2. NORD TANNHELSEDISTRIKT :
   Tillegg til pkt.b : Lindås tannklinikk vert flytta til Austrheim vgs når ny skule står ferdig.

   Endring i pkt d : 10 behandlingsrom

   Nytt punkt e: "Nåverande Knarvik tannklinikk og Frekhaug tannklinikk blir nedlagt når tannklinikken i Helsehuset Nordhordland står klar til bruk".

   Nytt punkt f : "Manger tannklinikk vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart".

   Nytt punkt g : Som rådmannen sitt punkt f.

3. SENTRUM TANNHELSEDISTRIKT:
   Som rådmannen.

4. SØR TANNHELSEDISTRIKT:
   Nytt pkt.b: Rosendal tannklinikk vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

   Nytt pkt. c : Langevåg tannklinikk vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

5. VEST TANNHELSEDISTRIKT:
   Som rådmannen.

6. NYTT PKT. 6:
   Der klinikkar vert lagt ned, skal ein undersøkja om det er potensiale for kjøp av private tannhelsetenester som eit alternativt tilbod til innbyggjarane i området."

**Dan Femoen (H)** sette fram slikt forslag:

"Fylkesrådmannen sitt forslag, med slike endringar:

1. Aust tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga.

2. Nord Tannhelsedistrikt
   Endring i punkt b)
   Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

   Endring i punkt d)
   Noverande Knarvik tannklinikk blir lagt ned når Helsehuset Nordhordland står klar til bruk. Frekhaug tannklinikk og Manger tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

3. Sentrum tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga.

4. Sør tannhelsedistrikt
   Endring i punkt b)
   Rosendal tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

5. Vest tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga."

**Røysting**
Rasmussen sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, V, KrF) for Femoen sitt forslag.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Framtidig klinikkstruktur i tannhelsetenesta i Hordaland for planperioden 2015- 2030 er:

1. **Aust tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Aust tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert om 3 store tannklinikkar – Norheimsund tannklinikk, Odda tannklinikk og Voss tannklinikk.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   a) **Granvin tannklinikk** blir lagt ned i 2016. Pasientane blir overførte til Voss tannklinikk.

   b) **Ulvik tannklinikk** og **Lofthus tannklinikk** blir oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

   c) Kjøp av tenester frå privat tannlege i Vaksdal blir avslutta når vedkomande går av med pensjon i 2017.

   d) **Dalekvam tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er ferdig i 2018. Pasientane kan velja mellom tannhelsetilbod på Voss tannklinikk eller Indre Arna tannklinikk.

   e) Det kan bli aktuelt å bygga ny tannklinikk i Odda i løpet av planperioden.

2. **Nord tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Nord tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli gitt på 5 store tannklinikkar – tannklinikk i Nordhordland Helsehus, Lindås tannklinikk, Åsane tannklinikk, Hesthaugen tannklinikk og Indre Arna tannklinikk, og ein mindre tannklinikk på Osterøy.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   a) **Lindås tannklinikk** blir oppretthalden.

   b) **Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk** blir lagt ned i 2016 og pasientane kan velja om dei vil ha tannhelsetilbodet på Knarvik tannklinikk eller på Lindås tannklinikk. Lindås tannklinikk vert flytta til Austrheim vgs når ny skule står ferdig

   c) **Ny tannklinikk i Indre Arna** blir etablert i 2017 med kapasitet til å gi et tannhelsetilbod til

pasientar frå Arna, delar av Vaksdal og delar av Samnanger.

d) **Ny tannklinikk i Helsehuset Nordhordland** blir etablert i 2018 med 10 behandlingsrom. Helsehuset Nordhordland er under planlegging, og tannhelsetenesta deltek i prosjekteringa. Med omsyn til investeringsplan og inngåing av endelege leigekontraktar, er det viktig med ei rask avgjerd i saka.

e) Noverande **Knarvik tannklinikk** og **Frekhaug tannklinikk** blir nedlagt når tannklinikken i Helsehuset Nordhordland står klar til bruk.

f) **Manger tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

g) **Ny tannklinikk i Åsane videregående skole** blir etablert i 2020. Dette er ei samlokalisering av nåverande U Pihl tannklinikk og Rolland tannklinikk. Åsane vgs har som einaste skule i Hordaland utdanning av tannhelsesekretærar, og den nye tannklinikken skal bidra i praktisk trening av elevane på denne linja.

3. **Sentrum tannhelsedistrikt**
Tannhelsetilbodet i Sentrum tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert på 5 store tannklinikkar – Solheimsviken tannklinikk, Årstad tannklinikk, Fana tannklinikk, Sørås tannklinikk og Os tannklinikk – og 2 mindre tannklinikkar – Eikelandsosen tannklinikk og Austevoll tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

a) **Tysse tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er klar til bruk i 2018. Pasientane i Samnanger kan då velja mellom å få sitt tannhelsetilbod på Eikelandsosen tannklinikk, på Indre Arna tannklinikk, Os tannklinikk eller Norheimsund tannklinikk.

b) **Ny tannklinikk i Fana bydel** blir etablert i 2019. Dette er ei samlokalisering av nåverande Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk.

c) **Ny tannklinikk på Os** blir etablert i 2022.

d) **Tysnes tannklinikk** blir vurdert lagt ned når ny tannklinikk i Os er klar til bruk i 2022.

4. **Sør tannhelsedistrikt**
Sør tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden konsentrera sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Stord tannklinikk, Husnes tannklinikk, Bremnes tannklinikk og Sveio tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

a) Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilbodet i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eiga sak i løpet av 2016.

b) **Rosendal tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

c) **Langevåg tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

d) **Ny tannklinikk i Sveio** blir etablert i 2023.

5. **Vest tannhelsedistrikt**
Vest tannhelsedistrikt vil gi sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Loddefjord tannklinikk, Fyllingsdalen tannklinikk, Askøy tannklinikk og Straume tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

a) **Askøy tannklinikk** er under bygging, og vil vera ferdig i desember 2016. Dette er ei samlokalisering av Kleppestø tannklinikk og Florvåg tannklinikk.

b) **Ny tannklinikk på Straume** blir etablert i 2021. Sund tannklinikk og Ågotnes tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk på Straume er klar til bruk.

c) **Ny tannklinikk i Fyllingsdalen** blir etablert i 2024. Sælen tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk er klar til bruk.

d) **Laksevåg tannklinikk blir** lagt ned når det er kapasitet på naboklinikkane til å overta pasientane. Pasientane blir overført til Solheimsviken tannklinikk, Loddefjord tannklinikk og nye Fyllingsdalen tannklinikk.

6. Der klinikkar vert lagt ned, skal ein undersøkja om det er potensiale for kjøp av private tannhelsetenester som eit alternativt tilbod til innbyggjarane i området.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 08.03.2016**

**Anne Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag:

"Utval for opplæring og helse går inn for at tannhelseplanen blir sendt attende til fylkesadministrasjonen for ny og grundigare vurdering, ny høyringsrunde og endeleg politisk handsaming i løpet av hausten 2016.

Inntil et eventuelt vedtak bekrefter at regionalt forvaltningsorgan fortsatt skal ha ansvar for tannhelse, skal man i større grad vektlegge kommunenes høringssvar ved forslag om større strukturendringer."

**Røysting** (forslaget om utsetjing)
Njærheim sitt forslag fekk 6 røyster (V, H, MDG, SV) og fall.

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget går mot å leggja ned alle klinikkar på noverande tidspunkt. Dette grunna i den store kommunereforma som er i arbeid. Det er og truleg at tannhelsetenesta skal overførast til kommunane og det er difor naturleg å handsama denne saka når ein har betre oversikt over korleis kommunestrukturen ser ut.

2. Fylkestinget meinar at ein desentralisert tannklinikkstruktur er best for brukarane. Lang reisetid medfører at born og andre som treng fylgje, bebuarar på sjukeheimar som treng transport og fylgje av pleiarar må reisa lenger. Det vert å skuva kostnader frå fylkeskommunalt nivå til kommunalt og individnivå. Elevar får større fråvær."

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

"Fylkesrådmannen sitt forslag, med slike endringar:

1. Aust tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga.

2. Nord Tannhelsedistrikt
   Endring i punkt b)
   Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

   Endring i punkt d)
   Noverande Knarvik tannklinikk blir lagt ned når Helsehuset Nordhordland står klar til bruk. Frekhaug tannklinikk og Manger tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

3. Sentrum tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga.

4. Sør tannhelsedistrikt
   Endring i punkt b)
   Rosendal tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

5. Vest tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga."

**Røysting**
Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, V, MDG) og fall.
Strømme sitt forslag fekk 5 røyster (H, MDG, V) og fall.
Innstillinga fekk 9 røyster (A, Sp, KrF, Frp) og vart vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Framtidig klinikkstruktur i tannhelsetenesta i Hordaland for planperioden 2015-2030 er:

1. **Aust tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Aust tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert om 3 store tannklinikkar – Norheimsund tannklinikk, Odda tannklinikk og Voss tannklinikk.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   f) **Granvin tannklinikk** blir lagt ned i 2016. Pasientane blir overførte til Voss tannklinikk.

   g) **Ulvik tannklinikk** og **Lofthus tannklinikk** blir oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

   h) Kjøp av tenester frå privat tannlege i Vaksdal blir avslutta når vedkomande går av med pensjon i 2017.

   i) **Dalekvam tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er ferdig i 2018. Pasientane kan velja mellom tannhelsetilbod på Voss tannklinikk eller Indre Arna tannklinikk.

   j) Det kan bli aktuelt å bygga ny tannklinikk i Odda i løpet av planperioden.

2. **Nord tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Nord tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli gitt på 5 store tannklinikkar – tannklinikk i Nordhordland Helsehus, Lindås tannklinikk, Åsane tannklinikk, Hesthaugen tannklinikk og Indre Arna tannklinikk, og ein mindre tannklinikk på Osterøy.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   h) **Lindås tannklinikk** blir oppretthalden.

   i) **Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk** blir lagt ned i 2016 og pasientane kan velja om dei vil ha tannhelsetilbodet på Knarvik tannklinikk eller på Lindås tannklinikk. Lindås tannklinikk vert flytta til Austrheim vgs når ny skule står ferdig

   j) **Ny tannklinikk i Indre Arna** blir etablert i 2017 med kapasitet til å gi et tannhelsetilbod til pasientar frå Arna, delar av Vaksdal og delar av Samnanger.

   k) **Ny tannklinikk i Helsehuset Nordhordland** blir etablert i 2018 med 10 behandlingsrom. Helsehuset Nordhordland er under planlegging, og tannhelsetenesta deltek i prosjekteringa. Med omsyn til investeringsplan og inngåing av endelege leigekontraktar, er det viktig med ei rask avgjerd i saka.

   l) Noverande **Knarvik tannklinikk** og **Frekhaug tannklinikk** blir nedlagt når tannklinikken i Helsehuset Nordhordland står klar til bruk.

m) **Manger tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

n) **Ny tannklinikk i Åsane videregående skole** blir etablert i 2020. Dette er ei samlokalisering av nåverande U Pihl tannklinikk og Rolland tannklinikk. Åsane vgs har som einaste skule i Hordaland utdanning av tannhelsesekretærar, og den nye tannklinikken skal bidra i praktisk trening av elevane på denne linja.

3. **Sentrum tannhelsedistrikt**
Tannhelsetilbodet i Sentrum tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert på 5 store tannklinikkar – Solheimsviken tannklinikk, Årstad tannklinikk, Fana tannklinikk, Sørås tannklinikk og Os tannklinikk – og 2 mindre tannklinikkar – Eikelandsosen tannklinikk og Austevoll tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

e) **Tysse tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er klar til bruk i 2018. Pasientane i Samnanger kan då velja mellom å få sitt tannhelsetilbod på Eikelandsosen tannklinikk, på Indre Arna tannklinikk, Os tannklinikk eller Norheimsund tannklinikk.

f) **Ny tannklinikk i Fana bydel** blir etablert i 2019. Dette er ei samlokalisering av nåverande Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk.

g) **Ny tannklinikk på Os** blir etablert i 2022.

h) **Tysnes tannklinikk** blir vurdert lagt ned når ny tannklinikk i Os er klar til bruk i 2022.

4. **Sør tannhelsedistrikt**
Sør tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden konsentrera sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Stord tannklinikk, Husnes tannklinikk, Bremnes tannklinikk og Sveio tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

e) Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilbodet i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eiga sak i løpet av 2016.

f) **Rosendal tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

g) **Langevåg tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

h) **Ny tannklinikk i Sveio** blir etablert i 2023.

5. **Vest tannhelsedistrikt**
Vest tannhelsedistrikt vil gi sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Loddefjord tannklinikk, Fyllingsdalen tannklinikk, Askøy tannklinikk og Straume tannklinikk.

Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

e) **Askøy tannklinikk** er under bygging, og vil vera ferdig i desember 2016. Dette er ei samlokalisering av Kleppestø tannklinikk og Florvåg tannklinikk.

f) **Ny tannklinikk på Straume** blir etablert i 2021. Sund tannklinikk og Ågotnes tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk på Straume er klar til bruk.

g) **Ny tannklinikk i Fyllingsdalen** blir etablert i 2024. Sælen tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk er klar til bruk.

h) **Laksevåg tannklinikk blir** lagt ned når det er kapasitet på naboklinikkane til å overta

pasientane. Pasientane blir overført til Solheimsviken tannklinikk, Loddefjord tannklinikk og nye Fyllingsdalen tannklinikk.

6. Der klinikkar vert lagt ned, skal ein undersøkja om det er potensiale for kjøp av private tannhelsetenester som eit alternativt tilbod til innbyggjarane i området.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2016**

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag (a):

"Hordaland fylkesting går inn for at tannhelseplanen blir sendt attende til fylkesadministrasjonen for ny og grundigare vurdering, ny høyringsrunde og endeleg politisk handsaming i løpet av hausten 2016."

**Røysting** (forslaget om utsetjing)
Kollbotn sitt forslag fekk 22 røyster (R, H, SV, V, MDG) og fall.

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

"Fylkesrådmannen sitt forslag, med slike endringar:

1. Aust tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga.

2. Nord Tannhelsedistrikt
   Endring i punkt b)
   Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

   Endring i punkt d)
   Noverande Knarvik tannklinikk blir lagt ned når Helsehuset Nordhordland står klar til bruk. Frekhaug tannklinikk og Manger tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

3. Sentrum tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga.

4. Sør tannhelsedistrikt
   Endring i punkt b)
   Rosendal tannklinikk vert oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.

5. Vest tannhelsedistrikt
   Ingen endring, som innstillinga."

**Daniel Charles Hextall (SV)** sette på vegner av SV, V og R fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget går mot å leggja ned alle klinikkar på noverande tidspunkt. Dette grunna i den store kommunereforma som er i arbeid. I innstillinga frå komiteen ligg det at tannhelsetenesta skal overførast til kommunane og det er difor naturleg å handsama denne saka når ein har betre oversikt over korleis kommunestrukturen ser ut.

2. Fylkestinget meinar at ein desentralisert tannklinikkstruktur er best for brukarane. Lang reisetid medfører at born og andre som treng fylgje, bebuarar på sjukeheimar som treng transport og fylgje av pleiarar må reisa lenger. Det vert å skuva kostnader frå fylkeskommunalt nivå til kommunalt og individnivå. Elevar får større fråvær."

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag (b):

"Tillegg til forslaget frå Hextall:
Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen utgreie ein desentralisert modell med offentleg Tannhelsebuss i Hordaland som eit supplement til øvrig klinikkstruktur. Denne utgreiinga skal skje i nært samråd med kommunane.

Hordaland fylkeskommune ber om sak  om organisering og finansiering hausten 2016."

**Røysting**
Hextall sitt forslag fekk 10 røyster (SV, V, R, MDG) og fall.
Kollbotn sitt forslag (b) fekk 7 røyster (R, SV, MDG) og fall.
Strømme sitt forslag fekk 20 røyster (H, 2KrF, V, MDG) og fall.
Innstillinga fekk 33 røyster (A, 2KrF, Sp, Frp) og vart vedteken.

**Vedtak**

Framtidig klinikkstruktur i tannhelsetenesta i Hordaland for planperioden 2015-2030 er:

1. **Aust tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Aust tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert om 3 store tannklinikkar – Norheimsund tannklinikk, Odda tannklinikk og Voss tannklinikk.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   k) **Granvin tannklinikk** blir lagt ned i 2016. Pasientane blir overførte til Voss tannklinikk.

   l) **Ulvik tannklinikk** og **Lofthus tannklinikk** blir oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

   m) Kjøp av tenester frå privat tannlege i Vaksdal blir avslutta når vedkomande går av med pensjon i 2017.

   n) **Dalekvam tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er ferdig i 2018. Pasientane kan velja mellom tannhelsetilbod på Voss tannklinikk eller Indre Arna tannklinikk.

   o) Det kan bli aktuelt å bygga ny tannklinikk i Odda i løpet av planperioden.

2. **Nord tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Nord tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli gitt på 5 store tannklinikkar – tannklinikk i Nordhordland Helsehus, Lindås tannklinikk, Åsane tannklinikk, Hesthaugen tannklinikk og Indre Arna tannklinikk, og ein mindre tannklinikk på Osterøy.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   o) **Lindås tannklinikk** blir oppretthalden.

   p) **Fedje tannklinikk, Masfjorden tannklinikk og Modalen tannklinikk** blir lagt ned i 2016 og pasientane kan velja om dei vil ha tannhelsetilbodet på Knarvik tannklinikk eller på Lindås tannklinikk. Lindås tannklinikk vert flytta til Austrheim vgs når ny skule står ferdig

   q) **Ny tannklinikk i Indre Arna** blir etablert i 2017 med kapasitet til å gi et tannhelsetilbod til pasientar frå Arna, delar av Vaksdal og delar av Samnanger.

   r) **Ny tannklinikk i Helsehuset Nordhordland** blir etablert i 2018 med 10 behandlingsrom. Helsehuset Nordhordland er under planlegging, og tannhelsetenesta deltek i prosjekteringa. Med omsyn til investeringsplan og inngåing av endelege leigekontraktar, er det viktig med ei rask  avgjerd i saka.

   s) Noverande **Knarvik tannklinikk** og **Frekhaug tannklinikk** blir nedlagt når tannklinikken i Helsehuset Nordhordland står klar til bruk.

   t) **Manger tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

   u) **Ny tannklinikk i Åsane videregående skole** blir etablert i 2020. Dette er ei samlokalisering av nåverande U Pihl tannklinikk og Rolland tannklinikk. Åsane vgs har som einaste skule i

Hordaland utdanning av tannhelsesekretærar, og den nye tannklinikken skal bidra i praktisk trening av elevane på denne linja.

3. **Sentrum tannhelsedistrikt**
   Tannhelsetilbodet i Sentrum tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden bli konsentrert på 5 store tannklinikkar – Solheimsviken tannklinikk, Årstad tannklinikk, Fana tannklinikk, Sørås tannklinikk og Os tannklinikk – og 2 mindre tannklinikkar – Eikelandsosen tannklinikk og Austevoll tannklinikk.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   i) **Tysse tannklinikk** blir lagt ned når ny tannklinikk i Indre Arna er klar til bruk i 2018. Pasientane i Samnanger kan då velja mellom å få sitt tannhelsetilbod på Eikelandsosen tannklinikk, på Indre Arna tannklinikk, Os tannklinikk eller Norheimsund tannklinikk.

   j) **Ny tannklinikk i Fana bydel** blir etablert i 2019. Dette er ei samlokalisering av nåverande Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk.

   k) **Ny tannklinikk på Os** blir etablert i 2022.

   l) **Tysnes tannklinikk** blir vurdert lagt ned når ny tannklinikk i Os er klar til bruk i 2022.

4. **Sør tannhelsedistrikt**
   Sør tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden konsentrera sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Stord tannklinikk, Husnes tannklinikk, Bremnes tannklinikk og Sveio tannklinikk.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   i) Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilbodet i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eiga sak i løpet av 2016.

   j) **Rosendal tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

   k) **Langevåg tannklinikk** vert oppretthalden. Ny vurdering når kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

   l) **Ny tannklinikk i Sveio** blir etablert i 2023.

5. **Vest tannhelsedistrikt**
   Vest tannhelsedistrikt vil gi sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Loddefjord tannklinikk, Fyllingsdalen tannklinikk, Askøy tannklinikk og Straume tannklinikk.

   Klinikkstrukturplanen inneber vedtak om:

   i) **Askøy tannklinikk** er under bygging, og vil vera ferdig i desember 2016. Dette er ei samlokalisering av Kleppestø tannklinikk og Florvåg tannklinikk.

   j) **Ny tannklinikk på Straume** blir etablert i 2021. Sund tannklinikk og Ågotnes tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk på Straume er klar til bruk.

   k) **Ny tannklinikk i Fyllingsdalen** blir etablert i 2024. Sælen tannklinikk blir lagt ned når ny tannklinikk er klar til bruk.

   l) **Laksevåg tannklinikk blir** lagt ned når det er kapasitet på naboklinikkane til å overta pasientane. Pasientane blir overført til Solheimsviken tannklinikk, Loddefjord tannklinikk og nye Fyllingsdalen tannklinikk.

6. Der klinikkar vert lagt ned, skal ein undersøkja om det er potensiale for kjøp av private

tannhelsetenester som eit alternativt tilbod til innbyggjarane i området.

## PS 7/16 Finansforvaltninga i 2015

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2015 til orientering.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2015 til orientering.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2016**

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2015 til orientering.

## PS 8/16 Fylkeskommunal garanti for Nordhordlandspakken

**Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr som Nordhordlandspakken AS tek opp til finansiering av veginvesteringar.

2. Garantien gjeld for hovedstol på inntil 750 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovedstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.

3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av innkrevjingsperioden for bompengar (12 år) med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskriften § 3.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

**Pål Kårbø (KrF)** stilte spørsmål om han var ugild fordi han er styreleiar i Nordhordlandspakken. Kårbø gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Pål Kårbø var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Pål Kårbø gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (MDG).

**Innstilling til fylkestinget**

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr som Nordhordlandspakken AS tek opp til finansiering av veginvesteringar.

2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 750 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av påløpne renter og omkostningar.

3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av innkrevjingsperioden for bompengar (12 år) med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 08.03.2016**

**Pål Kårbø (KrF)** og **May Eva Sandvik (H)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styreleiar og styremedlem i Nordhordlandspakken. Kårbø og Sandvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde. Fylkestinget vedtok samrøystes at Pål Kårbø og May Eva Sandvik var ugilde, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Pål Kårbø og May Eva Sandvik gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 55 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr som Nordhordlandspakken AS tek opp til finansiering av veginvesteringar.

2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 750 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av påløpne renter og omkostningar.

3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av innkrevjingsperioden for bompengar (12 år) med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.

## PS 9/16 Bybanen byggetrinn 4 - forskottering av kostnader til grunnerverv

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen forskotterer inntil 30 mill. kr i kostnader til grunnerverv til byggetrinn 4 av bybaneutbygginga.

Fylkestinget legg til grunn at forskotteringa vert dekka inn som ein del av den samla finansieringa av byggetrinn 4.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.02.2016**

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen forskotterer inntil 30 mill. kr i kostnader til grunnerverv til byggetrinn 4 av bybaneutbygginga.

Fylkestinget legg til grunn at forskotteringa vert dekt inn som ein del av den samla finansieringa av byggetrinn 4.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen forskotterer inntil 30 mill. kr i kostnader til grunnerverv til byggetrinn 4 av bybaneutbygginga.

Fylkestinget legg til grunn at forskotteringa vert dekt inn som ein del av den samla finansieringa av byggetrinn 4.

## PS 10/16 Vurdering av ordninga med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte

**Forslag til vedtak**

1. Fylkestinget vedtek at driftsstøtte til kultur- og idrettsverksemder over kulturbudsjettet, vert tildelt etter ei ordning med krav til årleg omsøking, og ber fylkesrådmannen leggja til rette for dette.

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, Frp, V).

**Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget vedtek at driftsstøtte til kultur- og idrettsverksemder over kulturbudsjettet, vert tildelt etter ei ordning med krav til årleg omsøking, og ber fylkesrådmannen leggja til rette for dette.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

**Røysting**
Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 7 røyster (H, Frp, V, MDG).

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget vedtek at driftsstøtte til kultur- og idrettsverksemder over kulturbudsjettet, vert tildelt etter ei ordning med krav til årleg omsøking, og ber fylkesrådmannen leggja til rette for dette.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**Røysting**
Innstillinga vart vedteken mot 25 røyster (H, Frp, V, MDG).

**Vedtak**

Fylkestinget vedtek at driftsstøtte til kultur- og idrettsverksemder over kulturbudsjettet, vert tildelt etter ei ordning med krav til årleg omsøking, og ber fylkesrådmannen leggja til rette for dette.

## PS 11/16 Museumsplanmidlar 2016

**Forslag til innstilling**

Denne saka inneheld forslag om følgjande fordeling av museumsplanmidlane, 2 mill. kr:

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.

2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.

3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga ”Museumsløft 2016” på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling.

4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i Utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.

2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.

3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling.

4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.

2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.

3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling.

4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**Nils Marton Aadland (H)** og **Kari Foseid Aakre (A)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styreleiar og nestleiar i Museumssenteret i Hordaland. Aadland og Aakre gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde. Fylkestinget vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland og Kari Foseid Aakre var ugilde, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

**Aud Karin Oen (SV)** stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er styremedlem i Museum Vest. Oen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Fylkestinget vedtok samrøystes at Aud Karin Oen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

**Tor André Ljosland (KrF)** stilte spørsmål om han var ugild fordi han er styremedlem i Kode. Ljosland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Fylkestinget vedtok samrøystes at han ikkje var ugild etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Tor André Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

Nils Marton Aadland, Kari Foseid Aakre og Aud Karin Oen gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget følgjer opp PS 65/2015, og løyver 200 000 kr til konsolidering mellom Bjørn West-museet og Museum Vest av museumsplanmidlane.

2. Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til

Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.

3. Fylkestinget sluttar opp om retningslinene for tilskotsordninga "Museumsløft 2016" på til saman 1,7 mill. kr. Tildeling vert handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling.

4. Fylkestinget ser behovet for at arbeidet og prosess med nytt fellesmagasin vert drøfta og handsama i eiga sak i utval for kultur, Idrett og regional utvikling.

## PS 12/16 Bussanlegg i Sunnhordland

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner det framlagde forprosjektet for bussanlegga på Stord og Bømlo med ei kostnadsramme på 125 mill.kr.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016

**Svein Halleraker** stilte spørsmål om han var ugild fordi han er prosjektansvarleg for bussanlegget på vegner av arkitektkontoret han arbeider i. Halleraker gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Svein Halleraker var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Svein Halleraker gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget godkjenner det framlagde forprosjektet for bussanlegga på Stord og Bømlo med ei kostnadsramme på 125 mill. kr.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner det framlagde forprosjektet for bussanlegga på Stord og Bømlo med ei kostnadsramme på 125 mill. kr.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

Fylkestinget godkjenner det framlagde forprosjektet for bussanlegga på Stord og Bømlo med ei kostnadsramme på 125 mill. kr.

## PS 13/16 Stendafjellet - masseuttak og avfallsdeponi. Godkjenning av tilleggsavtale.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner vedlagte tilleggsavtale om masseuttak og avfallsdeponi i Stendafjellet mellom Hordaland fylkeskommune og Fana Stein & Gjenvinning AS.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett til fylkesutvalet sitt ekstra møte før fylkestinget 08.03.2016.

Ber om svar på følgjande når saka vert lagt fram igjen:
1. Vert det lagra spesialavfall der? I såfall kva?
2. Er det pålegg frå fylkesmannen om å rydda opp?
3. Vil ei utviding (mot ev. Lagunen) føra til forureining av grunnvatnet?
4. Vil tunellarbeid med den nye motorvegen kunne laga sprekker i fjellet og auka faren for forureining?"

**Røysting** (forslaget om utsetjing)
Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkestinget**

Saka vert utsett til fylkesutvalet sitt ekstra møte før fylkestinget 08.03.2016. Innstilling til fylkestinget vert lagt fram etter dette møtet.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget godkjenner vedlagte tilleggsavtale om masseuttak og avfallsdeponi i Stendafjellet mellom Hordaland fylkeskommune og Fana Stein & Gjenvinning AS.

## PS 14/16 Det regionale folkevalde nivå; status for regionreforma og vidare oppfølging

**Forslag til vedtak**

1. Fylkestinget gjev fylkesordførar mynde til å iverksette samtalar/naboprat med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ei intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion. Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utredningsarbeid av mogelege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.

2. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp, H, V, MGD, SV, KrF, Sp og A fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/naboprat med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion.

   Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av mogelege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.

   Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

2. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som

samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.

3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

**Forhandlingsutval**

| | |
|---|---|
| Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP) | Vara: Sveinung Valle (A) |
| Fylkesvaraordførar Pål Kårbø (KrF) | Vara: Benthe Bondhus (Sp) |
| Opposisjonen Terje Søviknes (FrP) | Vara: Mona R. Strømme (H) |
| Fylkesrådmann Rune Haugsdal | Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal |
| Hovudtillitsvald: ......................................... | Vara: ......................................... |

**Politisk styringsgruppe**
Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall."

**Røysting**
Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/naboprat med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion.

   Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av mogelege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.

   Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

2. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.

3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

**Forhandlingsutval**

| | |
|---|---|
| Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP) | Vara: Sveinung Valle (A) |
| Fylkesvaraordførar Pål Kårbø (KrF) | Vara: Benthe Bondhus (Sp) |
| Opposisjonen Terje Søviknes (FrP) | Vara: Mona R. Strømme (H) |
| Fylkesrådmann Rune Haugsdal | Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal |
| Hovudtillitsvald: ......................................... | Vara: ......................................... |

**Politisk styringsgruppe**
Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

> "Ny 1. setning i forslaget punkt 2:
> Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing."

**Røysting**
Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget oppnemner eit forhandlingsutval som får mynde til å iverksetje samtalar/naboprat med dei andre vestlandsfylka, med mål om å forhandle fram ein intensjonsavtale for ein utvida vestlandsregion.

   Som grunnlag for dette arbeidet skal det gjennomførast eit utgreiingsarbeid av mogelege samarbeidskonstellasjonar mellom fylka. Intensjonsavtalen skal godkjennast av fylkestinget.

   Forhandlingsutvalet skal fortløpande gjennom prosessen rapportera til ei politisk styringsgruppe beståande av fylkesutvalet sine medlemmer og gruppeleiar for dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet.

2. Ein ny vestlandsregion, med folkevald forankring, vil styrke demokratiet og fremje maktspreiing. Etablering av ein ny vestlandsregion føreset tildeling av oppgåver både som samfunnsutviklar og tenesteprodusent, med eit omfang og karakter som er i tråd med fylkestinget sitt vedtak av 10. mars 2015.

3. Forhandlingsutval og styringsgruppe får slik samansetjing;

   **Forhandlingsutval**

   | | |
   |---|---|
   | Fylkesordførar Anne Gine Hestetun (AP) | Vara: Sveinung Valle (A) |
   | Fylkesvaraordførar Pål Kårbø (KrF) | Vara: Benthe Bondhus (Sp) |
   | Opposisjonen Terje Søviknes (FrP) | Vara: Mona R. Strømme (H) |
   | Fylkesrådmann Rune Haugsdal | Vara: Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal |
   | Hovudtillitsvald: ......................................... | Vara: ......................................... |

   **Politisk styringsgruppe**
   Fylkesutvalet + gruppeleiar Rødt. Vara møter ved forfall.

## PS 15/16 Oversikt over folkehelsa i Hordaland 2015-2019

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 11.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.02.2016**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

> "Tillegg:
> Oversikta over folkehelsa i Hordaland viser behov for å halde særleg fokus på oppvekstpolitikk og betra trafikksikring."

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

Oversikta over folkehelsa i Hordaland viser behov for å halde særleg fokus på oppvekstpolitikk og betra trafikksikring.

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

**Anne Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag:

> "Tillegg:
> Fylkestinget meiner at følgjande område bør ha særskild fokus i kommande fireårsperiode, jamfør utfordringsbiletet for Hordaland.
> - fokus på å sikre sunne og trygge oppvekstmiljø
> - fokus på å hindre aukande sosioøkonomiske skilnader
> - trafikksikring"

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

> "Tillegg:
> Vald i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem både på individ- og samfunnsnivå og har innverknad på folkehelsa.
>
> Fylkestinget ber om at det vert rapportert på dette i framtidige planar.
>
> Det er og viktig at ein har fokus opp mot kommunane for å sjå om det er rom for betring av kommunane si merksemd på dette området."

**Røysting**
Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Oen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp, V, MDG).

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

Oversikta over folkehelsa i Hordaland viser behov for å halde særleg fokus på oppvekstpolitikk og betra trafikksikring.

Fylkestinget meiner at følgjande område bør ha særskild fokus i kommande fireårsperiode, jamfør utfordringsbiletet for Hordaland.
- fokus på å sikre sunne og trygge oppvekstmiljø
- fokus på å hindre aukande sosioøkonomiske skilnader
- trafikksikring

Vald i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem både på individ- og samfunnsnivå og har innverknad på folkehelsa. Fylkestinget ber om at det vert rapportert på dette i framtidige planar.

Det er og viktig at ein har fokus opp mot kommunane for å sjå om det er rom for betring av kommunane si merksemd på dette området.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget tek "Folkehelsa i Hordaland 2015" til orientering.

Oversikta over folkehelsa i Hordaland viser behov for å halde særleg fokus på oppvekstpolitikk og betra trafikksikring.

Fylkestinget meiner at følgjande område bør ha særskild fokus i kommande fireårsperiode, jamfør utfordringsbiletet for Hordaland.
- fokus på å sikre sunne og trygge oppvekstmiljø
- fokus på å hindre aukande sosioøkonomiske skilnader
- trafikksikring

Vald i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem både på individ- og samfunnsnivå og har innverknad på folkehelsa. Fylkestinget ber om at det vert rapportert på dette i framtidige planar.

Det er og viktig at ein har fokus opp mot kommunane for å sjå om det er rom for betring av kommunane si merksemd på dette området.

## PS 16/16 Endringar i rammeavtalen

**Forslag til innstilling**

1 Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.

2 Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i delegasjonsreglementet:
- Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
- Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
- Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar

3 Fylkestinget ber om at rammeavtalen blir evaluert årleg.

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp, KrF, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

> "Endra punkt 3:
> ~~Fylkestinget ber om at~~ Rammeavtalen blir evaluert årleg, *og lagt fram for politisk behandling*."

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.

2. Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i delegasjonsreglementet:
   - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
   - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
   - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar

3. Rammeavtalen blir evaluert årleg, og lagt fram for politisk behandling.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.

2. Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i delegasjonsreglementet:
   - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
   - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
   - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar

3. Rammeavtalen blir evaluert årleg, og lagt fram for politisk behandling.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.

2. Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i delegasjonsreglementet:
   - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
   - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
   - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar

3. Rammeavtalen blir evaluert årleg, og lagt fram for politisk behandling.

## PS 17/16 Midlar til punktutbetring og trygg skuleveg 2016

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget gjev sin tilslutnad til at tiltak på totalt 21,3 mill kroner vert gjennomført i tråd med forslaget frå Statens vegvesen.

2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 10 mill kr. i 2016. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget gjev sin tilslutnad til at tiltak på totalt 21,3 mill. kroner vert gjennomført i tråd med forslaget frå Statens vegvesen.

2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 10 mill. kr i 2016. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget gjev sin tilslutnad til at tiltak på totalt 21,3 mill. kroner vert gjennomført i tråd med forslaget frå Statens vegvesen.

2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 10 mill. kr i 2016. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Fylkestinget gjev sin tilslutnad til at tiltak på totalt 21,3 mill. kroner vert gjennomført i tråd med forslaget frå Statens vegvesen.

2. Fylkestinget opprettar ei søknadsordning for kommunane, med ei ramme på 10 mill. kr i 2016. Fylkestrafikksikringsutvalet får ansvaret for denne tilskotsordninga.

## PS 18/16 Midlertidig tidsdifferensierte bompengetakstar - strakstiltak ved fare for høg luftforureining

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget ber Samferdselsdepartementet, med heimel i veglova § 27-2, fastsette forskrift om mellombelse tidsdifferensierte bompengetakstar i Bergen, til bruk på dagar med fare for høg luftforureining.

2. Fylkestinget vil at det skal fastsettast forskrift for bruk i framtidige tilfelle med fare for høg luftforureining i Bergen.

3. Fylkestinget legg til grunn at takstane vert tatt i bruk i samsvar med tilrådingane i vedlagte grunnlagsnotat, med følgjande sentrale forhold:
   a) Takstnivå og forureiningsnivå:
   Det vert opna for å sette i verk femdobling av gjeldande bompengetakstar ved varsel om høg luftforureining, definert som overskriding av grenseverdiane for $NO_2$ og $PM_{10}$, som er venta å vare i to dagar eller meir.
   b) Praktisk gjennomføring:
   Tiltaket vert integrert i Bergen kommune sin til ein kvar tid gjeldande beredskapsplan, med føreslåtte justeringar/suppleringar som er omtalt i vedlagte grunnlagsnotat.
   c) Kostnader og finansiering:
   Meir- eller mindreinntektar som følgje av iverksetting av tiltaket vert handtert av Bergen bompengeselskap a/s. Det inkluderer kompensasjon til Hordaland fylkeskommune for kostnadar knytt til gratis kollektivtransport. Statens vegvesen vil inngå ein tilleggsavtale med selskapet etter at Samferdselsdepartementet har fastsatt takstforskrift.

4. Fram mot iverksetting av tiltaket skal moglege unntaksordningar for vare- og nyttetransport vurderast.

5. Fylkestinget legg til grunn av Samferdselsdepartementet vil fastsette sentral takstforskrift på grunnlag av lokalt forslag så raskt som mogleg, og i tett dialog med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget vil understreke at det er avgjørande at tiltaket er klart til å kunne iverksettast i god tid før vinteren 2016/2017.

6. Fylkestinget gjev sin tilslutning til at tiltaket inngår i Bergen kommune sin beredskapsplan og at byrådet kan iverksette tiltaket når vilkåra i takstforskrifta er oppfylt.

7. Fylkestinget vil understreke behovet for god dialog med fylkeskommunen og andre relevante etatar i forkant av innføring og gjennomføring av tiltaket.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, Frp, V og MDG fram slikt forslag:

> "Saken utsettes for behandling i fagutvalget, utvalg for miljø og samferdsel, før ny behandling i fylkesutvalget. Saken konsekvensutredes av administrasjonen før behandling i utvalg for miljø og samferdsel."

**Røysting** (forslaget om utsetjing)
Bjørkly sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

1. "Det vert innført mellombelse kollektivfelt på alle firefelts innfartsårar i periodar med varsel om forureina luft som gjev helsefare. Kollektivfelt vil gje eit betre tilbod og auke moglegheitene for effektiv bruk av bussane.

2. Farten vert sett ned til 60 km/t for å redusera faren for trafikkulykker og for å redusera utslepp.

3. Det vert iverksett eit arbeid for å vurdera korleis kollektivfelt kan bidra til justerte ruter ved raskere og køfri framkomst for bussane."

**Røysting**
Oen sitt forslag fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.
Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (H, Frp).

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget ber Samferdselsdepartementet, med heimel i veglova § 27-2, fastsette forskrift om mellombelse tidsdifferensierte bompengetakstar i Bergen, til bruk på dagar med fare for høg luftforureining.

2. Fylkestinget vil at det skal fastsettast forskrift for bruk i framtidige tilfelle med fare for høg luftforureining i Bergen.

3. Fylkestinget legg til grunn at takstane vert tatt i bruk i samsvar med tilrådingane i vedlagte grunnlagsnotat, med følgjande sentrale forhold:
   a) Takstnivå og forureiningsnivå:
   Det vert opna for å sette i verk femdobling av gjeldande bompengetakstar ved varsel om høg luftforureining, definert som overskriding av grenseverdiane for $NO_2$ og $PM_{10}$, som er venta å vare i to dagar eller meir.

   b) Praktisk gjennomføring:
   Tiltaket vert integrert i Bergen kommune sin til ein kvar tid gjeldande beredskapsplan, med føreslåtte justeringar/suppleringar som er omtalt i vedlagte grunnlagsnotat.

   c) Kostnader og finansiering:
   Meir- eller mindreinntekter som følgje av iverksetting av tiltaket vert handtert av Bergen bompengeselskap a/s. Det inkluderer kompensasjon til Hordaland fylkeskommune for kostnader knytt til gratis kollektivtransport. Statens vegvesen vil inngå ein tilleggsavtale med selskapet etter at Samferdselsdepartementet har fastsett takstforskrift.

4. Fram mot iverksetting av tiltaket skal moglege unntaksordningar for vare- og nyttetransport vurderast.

5. Fylkestinget legg til grunn av Samferdselsdepartementet vil fastsette sentral takstforskrift på grunnlag av lokalt forslag så raskt som mogleg, og i tett dialog med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget vil understreke at det er avgjørande at tiltaket er klart til å kunne iverksettast i god tid før vinteren 2016/2017.

6. Fylkestinget gjev sin tilslutning til at tiltaket inngår i Bergen kommune sin beredskapsplan og at byrådet kan iverksette tiltaket når vilkåra i takstforskrifta er oppfylt.

7. Fylkestinget vil understreke behovet for god dialog med fylkeskommunen og andre relevante etatar i forkant av innføring og gjennomføring av tiltaket.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**Stein Inge Ryssdal (H)** sette fram slikt forslag:

"Heilheitleg forslag. Endringar i høve til innstillinga står i kursiv:

1. Fylkestinget ber Samferdselsdepartementet, med heimel i veglova § 27-2, fastsette forskrift om mellombelse tidsdifferensierte bompengetakstar i Bergen, til bruk på dagar med fare for høg luftforureining.

2. Fylkestinget vil at det skal fastsettast forskrift for bruk i framtidige tilfelle med fare for høg luftforureining i Bergen.

3. Fylkestinget legg til grunn at takstane vert tatt i bruk i samsvar med tilrådingane i vedlagte grunnlagsnotat, med følgjande sentrale forhold:
    a) Takstnivå og forureiningsnivå:
    Det vert opna for å sette i verk *tredobling* av gjeldande bompengetakstar ved varsel om høg luftforureining, definert som overskriding av grenseverdiane for $NO_2$ og $PM_{10}$, som er venta å vare i to dagar eller meir.

    b) Praktisk gjennomføring:
    Tiltaket vert integrert i Bergen kommune sin til ein kvar tid gjeldande beredskapsplan, med føreslåtte justeringar/suppleringar som er omtalt i vedlagte grunnlagsnotat.

    c) Kostnader og finansiering:
    Meir- eller mindreinntekter som følgje av iverksetting av tiltaket vert handtert av Bergen bom-pengeselskap a/s. Det inkluderer kompensasjon til Hordaland fylkeskommune for kostnader knytt til *auka kollektivkapasitet og innfartsparkering*. Statens vegvesen vil inngå ein tilleggsavtale med selskapet etter at Samferdselsdepartementet har fastsett takstforskrift.

4. Fram mot iverksetting av tiltaket skal moglege unntaksordningar for vare- og nyttetransport vurderast.

5. Fylkestinget legg til grunn av Samferdselsdepartementet vil fastsette sentral takstforskrift på grunnlag av lokalt forslag så raskt som mogleg, og i tett dialog med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget vil understreke at det er avgjørande at tiltaket er klart til å kunne iverksettast i god tid før vinteren 2016/2017.

6. Fylkestinget gjev sin tilslutning til at tiltaket inngår i Bergen kommune sin beredskapsplan og at byrådet kan iverksette tiltaket når vilkåra i takstforskrifta er oppfylt.

7. Fylkestinget vil understreke behovet for god dialog med fylkeskommunen og andre relevante etatar i forkant av innføring og gjennomføring av tiltaket.

8. *Fylkeskommunen vil setje inn så mykje ekstra kapasitet i kollektivtransporten som er praktisk og økonomisk mogleg. For å sikre at kapasiteten i kollektivtransporten vert tilgjengeleg for dei som verkeleg treng det, vert ikkje kollektivtransporten gratis.*

9. *Fram mot iverksetting av tiltaket må det etablerast fleire aktive luftmålarar og ein må vurdere korleis ein skal unngå at tiltaket gjev auke i trafikken og helseskadeleg luft i områder der det ikkje er bompengar."*

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:
1. Det vert  innført mellombelse kollektivfelt på alle firefelts innfartsårar i periodar med varsel om forureina luft som gjev helsefare. Kollektivfelt vil gje eit betre tilbod og auke moglegheitene for effektiv bruk av bussane.

2. Farten vert sett ned til 60 km/t for å redusera faren for trafikkulykker og for å redusera utslepp.

3. Det vert iverksett eit arbeid for å vurdera korleis kollektivfelt kan bidra til justerte ruter ved raskere og køfri framkomst for bussane."

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

"Tillegg:
Før iverksetting av tiltaket, skal ei dispensasjonsordning vere på plass for dei som ikkje har eit velfungerande kollektivtilbod og av sosiale / økonomiske grunnar ikkje har råd til å betale ei femdobling av bompengetakstane."

**Røysting**
Det vart gjort ei redaksjonell endring i punkt 7:
... behovet for god dialog ~~med~~ *mellom* fylkeskommunen og andre relevante ...

Ryssdal sitt forslag fekk 12 røyster (H) og fall.
Innstillinga fekk 38 røyster (A, KrF, Sp, SV, R , V, MDG) og vart vedteken.
Hammer sitt forslag fekk 7 røyster (SV, MDG, R) og fall.
Kollbotn sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

**Vedtak**

1. Fylkestinget ber Samferdselsdepartementet, med heimel i veglova § 27-2, fastsette forskrift om mellombelse tidsdifferensierte bompengetakstar i Bergen, til bruk på dagar med fare for høg luftforureining.

2. Fylkestinget vil at det skal fastsettast forskrift for bruk i framtidige tilfelle med fare for høg luftforureining i Bergen.

3. Fylkestinget legg til grunn at takstane vert tatt i bruk i samsvar med tilrådingane i vedlagte grunnlagsnotat, med følgjande sentrale forhold:
   a) Takstnivå og forureiningsnivå:
   Det vert opna for å sette i verk femdobling av gjeldande bompengetakstar ved varsel om høg luftforureining, definert som overskriding av grenseverdiane for $NO_2$ og $PM_{10}$, som er venta å vare i to dagar eller meir.

   b) Praktisk gjennomføring:
   Tiltaket vert integrert i Bergen kommune sin til ein kvar tid gjeldande beredskapsplan, med føreslåtte justeringar/suppleringar som er omtalt i vedlagte grunnlagsnotat.

   c) Kostnader og finansiering:
   Meir- eller mindreinntekter som følgje av iverksetting av tiltaket vert handtert av Bergen bom-pengeselskap a/s. Det inkluderer kompensasjon til Hordaland fylkeskommune for kostnader knytt til gratis kollektivtransport. Statens vegvesen vil inngå ein tilleggsavtale med selskapet etter at Samferdselsdepartementet har fastsett takstforskrift.

4. Fram mot iverksetting av tiltaket skal moglege unntaksordningar for vare- og nyttetransport vurderast.

5. Fylkestinget legg til grunn av Samferdselsdepartementet vil fastsette sentral takstforskrift på grunnlag av lokalt forslag så raskt som mogleg, og i tett dialog med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget vil understreke at det er avgjørande at tiltaket er klart til å kunne iverksettast i god tid før vinteren 2016/2017.

6. Fylkestinget gjev sin tilslutning til at tiltaket inngår i Bergen kommune sin beredskapsplan og at byrådet kan iverksette tiltaket når vilkåra i takstforskrifta er oppfylt.

7. Fylkestinget vil understreke behovet for god dialog mellom fylkeskommunen og andre relevante etatar i forkant av innføring og gjennomføring av tiltaket.

## PS 19/16 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15

**Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015**

**Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 03.12.2015**

Utvalsleiar **Emil Gadolin** sette fram følgjande forslag**:**

> "Saka vert utsett til neste møte i OPHE".

**Røysting**
Gadolin sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling**

Saka vert utsett til neste møte i OPHE.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015**

Saka var utsett i utval for opplæring og helse, og vart difor ikkje behandla.

**Innstilling til fylkestinget**

Det ligg ikkje føre innstilling frå fylkesutvalet. Saka vart utsett i utval for opplæring og helse. Fylkesutvalet behandla difor ikkje saka.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015**

Saka vart utsett i utval for opplæring og helse, og vart ikkje behandla i fylkesutvalet. Fylkestinget behandla difor ikkje saka.

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

**Solbjørg Marjala** sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag:

> "Mange med minoritetsbakgrunn ønsker å bli helsefagarbeider. Fylkeskommunen bør forplikte seg til å følge opp denne gruppen spesielt da det vil medføre både integrering og at samfunnet får den nødvendige kompetansen. Det bør prøves ut tiltak i introduksjonsprogrammet som kan føre til økt norsknivå for de som allerede da ønsker å bli helsefagarbeider."

**Alexander Fosse Andersen (Sp)** sette på vegner av Sp, Ap, KrF og SV fram slikt forslag om tilleggspunkt til innstillinga:

> "Ved seinare tilstandsrapportar ynskjer fylkestinget at skulehelsetenesta vert kommentert som ein eigen del i tilstandsrapporten."

**Solbjørg Marjala** sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag:

> "Tilstandsrapporten i vidaregåande opplæring er lagt fram som sak i opplærings- og helseutvalet. Rapporten omtaler læringsresultatet, frafall og læringsmiljø. Videregående skole er lærere og elever og å skrive en tilstandsrapport uten å berøre grunnleggende organisering som klassestørrelse og grunnbemanning blir ufullstendig."

**Røysting**
Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Marjala sine forslag vart oversend fylkesrådmannen på vegner av forslagstillaren utan realitetsbehandling.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering med slik merknad:

Ved seinare tilstandsrapportar ynskjer fylkestinget at skulehelsetenesta vert kommentert som ein eigen del i tilstandsrapporten.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering med slik merknad:

Ved seinare tilstandsrapportar ynskjer fylkestinget at skulehelsetenesta vert kommentert som ein eigen del i tilstandsrapporten.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering med slik merknad:

Ved seinare tilstandsrapportar ynskjer fylkestinget at skulehelsetenesta vert kommentert som ein eigen del i tilstandsrapporten.

## PS 20/16 Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016 - 2020. Tiltak 2016/17

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1.*

**Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 04.02.2016**

**Tom Knudsen/Roger Pilskog** sette fram følgjande forslag på vegne av NHO/LO:

1. "Som innstillingen

2. Yrkesopplæringsnemnda ber om at kompetanseutvikling for fellesfaglærere og programfaglæreres status og ønsket utvikling, behandles som eget punkt i planen.

3. Yrkesopplæringsnemnda ber om at undervisningskompetanse og formell kompetanse innen yrkesfag kartlegges i Hordaland slik det er gjort i Oslo Akershus, og at Yrkesopplæringsnemnda får en egen sak på dette."

**Røysting**
Knudsen/Pilskog sitt forslag var samrøystes vedteke.

**Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1.*

Yrkesopplæringsnemnda ber om at kompetanseutvikling for fellesfaglærere og programfaglæreres status og ønsket utvikling, behandles som eget punkt i planen.

Yrkesopplæringsnemnda ber om at undervisningskompetanse og formell kompetanse innen yrkesfag kartlegges i Hordaland slik det er gjort i Oslo Akershus, og at Yrkesopplæringsnemnda får en egen sak på dette.

**Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.02.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1.*

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1.*

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i *Plan for kompetanseutvikling. Strategi 2016-2020. Tiltak 2016/1.*

## PS 21/16 Psykisk helse og tilsetjing av psykolog i dei vidaregåande skulane

**Forslag til vedtak**

1. For å styrke arbeidet med elevane si psykiske helse vert det etablert eit team med skulepsykologar. Teamet skal bestå av til saman seks årsverk. Teamet skal vere eit lågterskeltilbod for elevane og hjelpe skulane i enkeltsaker og med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø.

2. Psykologane skal samarbeide tett med kommunane gjennom skulehelsetenesta.

3. Stillingane vert lagt til den fylkeskommunale PP-tenesta, men skal øyremerkast definerte oppgåver på dei vidaregåande skulane.

4. Teamet får seks psykolog-årsverk. Årleg kostnad til løn, reise m.m. vert om lag 5 mill kr. Ved oppstart hausten 2016 vert kostnaden inneverande år om lag 2,3 mill kr.

5. Ordninga med eit team av skulepsykologar er eit forsøksprosjekt som varer fram til utgangen av 2018, og prosjektet skal evaluerast før det blir teke stilling til vidareføring.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett og oversendt utval for opplæring og helse for handsaming i møte 10.03.

Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gjera endeleg vedtak i denne saka på møte 17.03."

Pål Kårbø trekte forslaget sitt.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. For å styrke arbeidet med elevane si psykiske helse vert det etablert eit team med skulepsykologar. Teamet skal bestå av til saman seks årsverk. Teamet skal vere eit lågterskeltilbod for elevane og hjelpe skulane i enkeltsaker og med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø.

2. Psykologane skal samarbeide tett med kommunane gjennom skulehelsetenesta.

3. Stillingane vert lagt til den fylkeskommunale PP-tenesta, men skal øyremerkast definerte oppgåver på dei vidaregåande skulane.

4. Teamet får seks psykolog-årsverk. Årleg kostnad til løn, reise m.m. vert om lag 5 mill kr. Ved oppstart hausten 2016 vert kostnaden inneverande år om lag 2,3 mill kr.

5. Ordninga med eit team av skulepsykologar er eit forsøksprosjekt som varer fram til utgangen av 2018, og prosjektet skal evaluerast før det blir teke stilling til vidareføring.

## PS 22/16 HOG energi - val av nytt styremedlem 2016 - 2019

**Forslag til innstilling**

Som medlem i styret for HOG energi foreslår Hordaland fylkeskommune

…………………………………………

**Saksprotokoll i valnemnda - 08.03.2016**

**Benthe Bondhus (Sp)** gjorde framlegg om Per Lerøy (Ap) som fast styremedlem i HOG Energi.

**Tom Sverre Tomren (MDG)** gjorde framlegg om Tom Sverre Tomren (MDG) som fast styremedlem i HOG Energi.

**Terje Søviknes (Frp)** gjorde framlegg om Gustav Bahus (Frp) som fast styremedlem i HOG Energi.

**Benthe Bondhus (Sp)** gjorde framlegg om Mona Røsvik Strømme (H) som varamedlem i HOG Energi.

**Røysting**
Bondhus sitt forslag (1) fikk 5 røyster.
Tomren sitt forslag fikk 3 røyster.
Søviknes sitt forslag fikk 3 røyster.
Bondhus sitt forslag (2) vart samrøystes vedteke.

Fast styremedlem HOG Energi: Valnemnda kjem ikkje med ein samla innstilling til fylkestinget.
Varamedlem HOG Energi: Bondhus sitt forslag (2) vart samrøystes vedteke.

**Forslag til innstilling**
Som medlem i styret for HOG energi foreslår Hordaland fylkeskommune........................................
Som varamedlem i styret for HOG energi foreslår Hordaland fylkeskommune Mona Røsvik Strømme.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**Sveinung Valle (A)** gjorde framlegg om Per Lerøy, A, som medlem og Mona Røsvik Strømme, H, som varamedlem i styret for HOG energi.

**Anne Beth Njærheim (V)** gjorde framlegg om Tom Sverre Tomren, MDG, som medlem i styret.

**Terje Søviknes (Frp)** gjorde framlegg om Gustav Bahus, Frp, som medlem i styret.

**Røysting**
Søviknes sitt forslag fekk 19 røyster (Frp, H) og fall.
Njærheim sitt forslag fekk 7 røyster (R, V, MDG) og fall.
Valle sitt forslag fekk 31 røyster (A, KrF, Sp, SV) og vart vedteke.

**Vedtak**

Som medlem i styret for HOG energi foreslår Hordaland fylkeskommune Per Lerøy.
Som varamedlem i styret for HOG energi foreslår Hordaland fylkeskommune Mona Røsvik Strømme.

## PS 23/16 Søknad om permisjon frå verv

**Forslag til innstilling**

1. Tom-Christer Nilsen får permisjon frå verva som medlem i fylkestinget, fylkesutvalet, valnemnda, fylkesvalstyret, medlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet, medlem i Innovasjon Norge, regionalt styre, varamedlem i styret for BKK AS og varamedlem i styret for Business Region Bergen (forslag) i den tida han innehar stilling som statssekretær.

2. For den tida Tom-Christer Nilsen har permisjon, gjer fylkestinget slike val:
   a) Medlem i fylkestinget etter opprykk: ........................................................
   b) Medlem i fylkesutvalet: ..............................................................................
   c) Medlem i fylkesvalstyret: ..........................................................................
   e) Medlem i valnemnda: ..................................................................................
   f) varamedlem i styret for Business Region Bergen: ...................................
   g) medlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet: ....................................
   h) medlem i Innovasjon Norge, regionalt styre (forslag): ..............................
   i) varamedlem i styret for BKK AS: ...............................................................

**Saksprotokoll i valnemnda - 08.03.2016**

**Mona Røsvik Strømme (H)** sette fram slikt forslag:

"For den tida Tom-Christer Nilsen (H) har permisjon, gjer fylkestinget slike val:

a) Medlem i fylkestinget etter opprykk: John Helge Gullaksen
b) Medlem i fylkesutvalet: Nils Marton Aadland
c) Medlem i fylkesvalstyret: Nils Marton Aadland
d) Medlem i valnemnda: Silja Ekeland Bjørkly
e) Nestleiar i valnemnda: Mona Røsvik Strømme
f) Varamedlem i styret for Business Region Bergen: Nils Marton Aadland
g) Medlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet: Mona Røsvik Strømme
h) Medlem i Innovasjon Norge, regionalt styre: Nils Marton Aadland
i) Varamedlem i styret for BKK AS: Mona Røsvik Strømme
j) Varamedlem i administrasjonsutvalet: Stein Inge Ryssdal
k) Medlem i Vestlandsrådet: Mona Røsvik Strømme
l) Medlem i omstillingsutvalet: Mona Røsvik Strømme
m) Varamedlem til landstinget, KS: Ragnhild Fagerbakke
n) Representant til fylkesmøtet, KS: Stein Inge Ryssdal

o) Varamedlem i fylkesutvalet: Olav Kvinge
p) Varamedlem i fylkesvalstyret: Olav Kvinge
q) Varamedlem i valnemnda: Olav Kvinge
r) Medlem i utval for miljø og samferdsel: Stein Inge Ryssdal erstattar Nils Marton Aadland

s) Varamedlem i utval for miljø og samferdsel: Christer Lilleskare Olsen
t) Varamedlem i Vestlandsrådet: Nils Marton Aadland
u) Vararepresentant til fylkesmøtet, KS: Olav Kvinge
Varalister rykker opp og nytt varamedlem kjem nedst på lista."

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag med Røsvik Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Forslag til innstilling**
For den tida Tom-Christer Nilsen (H) har permisjon, gjer fylkestinget slike val:

| | | |
|---|---|---|
| a) | Medlem i fylkestinget etter opprykk: | John Helge Gullaksen |
| b) | Medlem i fylkesutvalet: | Nils Marton Aadland |
| c) | Medlem i fylkesvalstyret: | Nils Marton Aadland |
| d) | Medlem i valnemnda: | Silja Ekeland Bjørkly |
| e) | Nestleiar i valnemnda: | Mona Røsvik Strømme |
| f) | Varamedlem i styret for Business Region Bergen: | Nils Marton Aadland |
| g) | Medlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet: | Mona Røsvik Strømme |
| h) | Medlem i Innovasjon Norge, regionalt styre: | Nils Marton Aadland |
| i) | Varamedlem i styret for BKK AS: | Mona Røsvik Strømme |
| j) | Varamedlem i administrasjonsutvalet: | Stein Inge Ryssdal |
| k) | Medlem i Vestlandsrådet: | Mona Røsvik Strømme |
| l) | Medlem i omstillingsutvalet: | Mona Røsvik Strømme |
| m) | Varamedlem til landstinget, KS: | Ragnhild Fagerbakke |
| n) | Representant til fylkesmøtet, KS: | Stein Inge Ryssdal |
| o) | Varamedlem i fylkesutvalet: | Olav Kvinge |
| p) | Varamedlem i fylkesvalstyret: | Olav Kvinge |
| q) | Varamedlem i valnemnda: | Olav Kvinge |
| r) | Medlem i utval for miljø og samferdsel: | Stein Inge Ryssdal erstattar Nils Marton Aadland |
| s) | Varamedlem i utval for miljø og samferdsel: | Christer Lilleskare Olsen |
| t) | Varamedlem i Vestlandsrådet: | Nils Marton Aadland |
| u) | Vararepresentant til fylkesmøtet, KS: | Olav Kvinge |

Varalister rykker opp og nytt varamedlem kjem nedst på lista.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

**Mona Røsvik Strømme (H)** opplyste at opplistinga i punkt 1 ikkje var fullstendig i høve til Tom-Christer Nilsen sine verv som han søkjer permisjon frå. Desse kjem i tillegg til fylkesrådmannen sitt forslag: nestleiar i valnemnda, varamedlem i administrasjonsutvalet, medlem i Vestlandsrådet, medlem i omstillingsutvalet, varamedlem til landstinget, KS og representant til fylkesmøtet, KS.

Som følgje av vala knytt til verva Nilsen søkjer permisjon frå, må ein også gjere val i organa i punkt o) til u). Jf. innstillinga frå valnemnda.

**Røysting**
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Strømme sitt tillegg vart samrøystes vedteke.
Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

1. Tom-Christer Nilsen får permisjon frå verva som medlem i fylkestinget, fylkesutvalet, valnemnda, fylkesvalstyret, medlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet, medlem i Innovasjon Norge, regionalt styre, varamedlem i styret for BKK AS, varamedlem i styret for Business Region Bergen (forslag), nestleiar i valnemnda, varamedlem i administrasjonsutvalet, medlem i Vestlandsrådet, medlem i omstillingsutvalet, varamedlem til landstinget, KS og representant til fylkesmøtet, KS i den tida han innehar stilling som statssekretær.

2. For den tida Tom-Christer Nilsen (H) har permisjon, gjer fylkestinget slike val:

| | | |
|---|---|---|
| a) | Medlem i fylkestinget etter opprykk: | John Helge Gullaksen |
| b) | Medlem i fylkesutvalet: | Nils Marton Aadland |
| c) | Medlem i fylkesvalstyret: | Nils Marton Aadland |
| d) | Medlem i valnemnda: | Silja Ekeland Bjørkly |
| e) | Nestleiar i valnemnda: | Mona Røsvik Strømme |
| f) | Varamedlem i styret for Business Region Bergen: | Nils Marton Aadland |
| g) | Medlem i Kontaktutvalet for Bergensprogrammet: | Mona Røsvik Strømme |
| h) | Medlem i Innovasjon Norge, regionalt styre: | Nils Marton Aadland |
| i) | Varamedlem i styret for BKK AS: | Mona Røsvik Strømme |
| j) | Varamedlem i administrasjonsutvalet: | Stein Inge Ryssdal |
| k) | Medlem i Vestlandsrådet: | Mona Røsvik Strømme |
| l) | Medlem i omstillingsutvalet: | Mona Røsvik Strømme |
| m) | Varamedlem til landstinget, KS: | Ragnhild Fagerbakke |
| n) | Representant til fylkesmøtet, KS: | Stein Inge Ryssdal |

Som følgje av vala over, må det gjerast slike val:

| | | |
|---|---|---|
| o) | Varamedlem i fylkesutvalet: | Olav Kvinge |
| p) | Varamedlem i fylkesvalstyret: | Olav Kvinge |
| q) | Varamedlem i valnemnda: | Olav Kvinge |
| r) | Medlem i utval for miljø og samferdsel: | Stein Inge Ryssdal erstattar Nils Marton Aadland |
| s) | Varamedlem i utval for miljø og samferdsel: | Christer Lilleskare Olsen |
| t) | Varamedlem i Vestlandsrådet: | Nils Marton Aadland |
| u) | Vararepresentant til fylkesmøtet, KS: | Olav Kvinge |

Varalister rykkjer opp og nytt varamedlem kjem nedst på lista.

## PS 24/16 Ymse

**Saksprotokoll i fylkestinget - 08. og 09.03.2016**

**SAKSBEHANDLING**

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje:
- 8. mars: PS 4, 7, 8, 6/16
- 9. mars: PS 5, 9-23/16

**OPNING AV FYLKESTINGET – 08.03.2016**

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Natalie Golis og Nils T. Bjørke valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kulturinnslag ved **Eikanger-Bjørsvik Musikklag** v/Ingebjørg Eide, kornett, Stefan Cooper, kornett, Gerd-Karine Eriksrud Lunde, althorn, Lars Otto Torsvik, euphonium og Alexander Torsvik, tuba. Program: Rondeau, av J.J. Mouret, arr. W.F.Mills, The Entertainer av S. Joplin, arr. J. Iveson og Tarantella av F. Mendelssohn, arr. A. Civil.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Hordaland fylkesting markerte kvinnedagen, og fylkesordføraren overrekte ei pengegåve på 50.000 kroner til organisasjonen **Svalene** v/Marthe Kvarteig De Ibanez**.** Svalene arbeider for å gje jenter i Peru utdanning.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

**ORDSKIFTET ETTER TALANE**

Etter talane var det ordskifte. 11 representantar hadde ordet.

**YMSE – 09.03.2016**

**Miljøprisen 2015**
Norsk Klimastiftelse v/Pål W. Lorentzen, Anders Bjartnes og Lars-Henrik Paarup Michelsen fekk Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for 2015. Stiftelsen arbeider for utvikling og bruk av ny teknologi og nye energiformer som kan bidra til å redusere energiforbruk og utslepp av klimagassar. Norsk Klimastiftelse har særleg utmerka seg ved å heve kunnskapsnivået i klimadebatten og få til ein dialog mellom fagmiljø og ålmenta. Prisen på 50.000 kroner vart delt ut av leiar i utval for kultur, idrett og regional utvikling, Beate Husa.

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag til fråsegn:

> **"Fråsegn om hotell Norge**
> Fylkestinget syner til opplysningane som er framkome kring Scandickjeda si overtaking og rehabilitering av Hotel Norge og dei konsekvensane dette har fått for dei tilsette gjennom oppseiingar. Mange av dei oppsagte har eit langt yrkesliv ved hotellet og vil få utfordringar med å koma inn igjen på ein hardt pressa arbeidsmarknad med aukande arbeidsløyse. Scandic gav seinast i november lovnader til dei tilsette om at dei kom til å behalda arbeidsplassane sine. Desse lovnadane må leiinga i Scandic stå ved. Fylkestinget vil oppmoda eigarane av Scandickjeda om å gå i dialog med dei tilsette sine representantar slik at ein kan få til gode løysingar på til beste for alle partar. Fylkestinget har i haust vedteke at ein i fylkeskommunal samanheng skal nytte hotell med tariffavtale. Det signaliserer at Hordaland fylkeskommune legg stor vekt på at det er ryddige forhold i arbeidslivet. Difor vil fylkestinget følgje denne saka med interesse."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

19 av representantane (H, Frp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla. Jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.